



Norsk Ornitologisk Forening (NOF)

Sandgata 30 B
N-7012 Trondheim

Telefon: (+ 47) 73 84 16 40
Bankgiro: 4358.50.12840
Org.nr.: 970 089 748 MVA

e-post: nof@birdlife.no internett: www.birdlife.no

Olje- og energidepartementet
postmottak@oed.dep.no

Vår ref.
20200304

Vår kontaktperson
Alv Ottar Folkestad

Dato
18.11.2020

Vi viser til oversending av brevet «Havsul I AS – Oversendelse av klager på vedtak om utsettelse av frist for idriftsettelse for Havsul I vindkraftverk - Merknader frå NOF til NVE sine vurderingar av klager og klagegrunnlag» 6. november i år (vår referanse: 20200275). Dette notat om Havsul I tar for seg konsesjonsbehandling og vedtak sett opp mot kunnskapsgrunnlag, verneområder og lovverk, og kan nyttast som eit bakgrunnsdokument. Dette er relevant både i klagesak på utsatt frist og stortingsvedtak om gjennomgang av behandlinga av vindkraftkonsesjoner. Som vi har argumentert for er det naturleg at Havsul I også vert gjenstand for ein slik gjennomgang.

NOF-NOTAT: Havsul I –vindkraftverk

Konsesjonshandsaming og vedtak i høve til kunnskapsgrunnlag, verneområde og lovverk

Havsul I og planområdet sin funksjon og verdi i naturfagleg samanheng:

1. Verneverdiar og verneområde som ligg innafor influensområdet for Havsul 1 – kunnskap og formell verdisetjing

Norsk Ornitologisk Forening (NOF) stifta lokalavdeling i Møre og Romsdal 1968. Kartlegging av fuglelivet på kysten vart ein av hovudaktivitetane for organisert feltarbeid i distriktet, med særleg vekt på våtmark og hekkande sjøfugl. Denne kunnskapen vart eit viktig fundament for fleire tematiske verneplanar i Møre og Romsdal då sentrale styresmakter sette i gang arbeidet med slike fylkesvise verneplanar tidleg på 1970-talet, og NOF si avdeling i Møre og Romsdal har i alle år etterpå teke del i overvaking av sjøfuglbestandane i fylket, dels i oppdrag for dei nasjonale sjøfuglovervåkingsprogramma, dels som feltaktivitet innafor NOF. Foreininga meiner derfor å ha førstehands føresetnader for å vurdere situasjonen for sjøfugl i fylket.

Etter oppmoding frå Miljøverndepartementet 1978 vart «Verneplan for våtmarker i Møre og Romsdal» lagt fram 1982, med vernevedtak 27.05. 1988. Fylkesmannen i Møre og Romsdal starta også førearbeid med sjøfuglreservatplan på 1980-talet som oppfølging av St.meld. nr. 68 (1980-1981) *Vern av norsk natur*. Grunnlagsrapport vart ferdig 1998, men planforslaget blei utsett i påvente av Stortingshandsaming av St.meld. nr. 43 (1998-1999) *Vern og bruk av kystsona*. Melding om oppstart av sjøfuglreservatplanen er datert juli 2003, lokale informasjonsmøte 2004, og planforslag sendt på høyring januar 2006 med frist for innspel 15.03. 2006 lokalt og 01.04. 2006 sentralt. Kysten Stadt-Hustadvika merka seg ut som særdeles viktig for hekkande sjøfugl. Av 36 område i verneplanen for

sjøfugl i Møre og Romsdal, vedteken 22.06 2010, er 29 sør for Hustadvika, 23 av dei i øyområda mellom Breisunddjupet og Buadjupet. Fuglefjellet på Runde med nærområde vart freda 1957 og utvida 1981, og kjem i tillegg. 26 verna område til i øylandskapet mellom Stad og Hustadvika har kystnatur som vernemotivet. For fleirtalet av desse er kystfuglfauna viktig del av grunnlaget. Verneområda fyller kriteria for vern av område i samsvar med nasjonale mål og internasjonale plikter, jamfør St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*, og St. meld. nr. 58 (1996-97) *Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling*. Sjå og Verdens naturvernunion (IUCN) og Biomangfald-konvensjonen (CBD), og jamfør naturmangfaldlova § 46 1. ledd. Dette skal bidra til å nå nasjonale mål: «Eit representativt utval av norsk natur skal vernast for komande generasjonar», og merk særleg «Halde oppe eller bygge opp att truga artar til livskraftige nivå». Frå 1970-talet er det registrert betydelege tap i kyst- og sjøfuglbestandane. Det gjer det sterkt utfordrande å kunne nå den nasjonale målsetjinga for vern av norsk natur. Målsetjinga om å halde oppe eller bygge opp at bestandane av truga artar er derfor viktigare enn nokon gong. Konsentrasjonen av verneområde langs ytterkysten i søre del av Møre og Romsdal merkar seg ut i landsmålestokk og understrekar den sentrale verdien i nasjonalt. Det er eitt av dei aller viktigaste område for marinbiologisk produksjon langs Norskekysten. Kyst- og sjøfugl er ein lett synleg målestokk for biologisk aktivitet og er samstundes ein viktig del av det marine økosystemet. Vernevedtaka har stadfesta og formalisert naturfagleg verdi av kyst- og skjergardsområda i regionen lenge før det vart aktuelt med vindkraftverk. Dette må vere ein viktig del av grunnlaget for å kategorisere konfliktnivå i høve til utbygging av store industrianlegg i dette skjergardslandskapet.

2. Vindkraftplanar for Havsul I – KU-arbeid og konsesjonshandsaming

Selskapet Havgul melde 17.12, 2004 om arbeid med planar for vindkraftverka Havsul I, II og IV på Mørekyten. I brev av 22.07, 2005 fastsette NVE konsekvensutgreiingsprogram for planane om Havsul I vindpark i fallgardsområda nordvest for Harøya i dåverande Sandøy kommune. I ein enkel bruk av fargar gjeld grønfarga avsnitt miljøverdiar og miljøfaglege vurderingar, raudt avsnitt gjeld problem og konflikhtar, og blått avsnitt kommenterer næringsinteresser/næringsverdiar.

For biologisk mangfald, verna eller planlagde verneområde og for fiskeri og næringsdrift omfatta KU-programmet følgjande:

«BIOLOGISK MANGFOLD

Naturtyper, flora og vegetasjon

- *Naturtyper i eller nær planområdet (både vindparker i sjø og kraftledningar (på land) som er viktige for det biologiske mangfoldet skal beskrives.*
- *Dersom verdifulle naturtyper berøres, skal omfanget av inngrepet beskrives og det skal gjøres en vurdering av antatte konsekvenser.*
- *Det skal gjøres en kortfattet beskrivelse av vegetasjonstyper og eventuelle botaniske verneverdier i planområdet.*

- *Det skal gjøres en vurdering av hvordan eventuelle sjeldne, sårbare og truede forekomster vil kunne påvirkes av tiltaket.*
- *Det skal kort redegjøres for hvordan eventuelle negative virkninger kan unngås ved plantilpasning.*

Fremgangsmåte:

- *Vurderingene skal bygge på eksisterende dokumentasjon, eventuelt feltbefaring, erfaringer fra andre områder og andre land, og kontakt med lokale og regionale myndigheter og organisasjoner. Vurderingene skal gjøres både for anleggs- og driftsfase.*

Fugl

- *Det skal gis en kort beskrivelse av fuglefaunaen i planområdet og viktige områder for fugl. Det skal gis en oversikt over sjeldne, truede eller sårbare arter og ansvarsarter som benytter planområdet, samt deres biotoper og kjente trekkveier/ledelinjer.*
- *Det skal gjøres en vurdering av hvordan tiltaket kan påvirke sjeldne, truede eller sårbare arter i planområdet gjennom forstyrrelser (støy, bevegelse, lys, økt ferdsel med mer), kollisjoner (både vindturbiner og kraftledninger på land) og redusert/forringet leveområde (nedbygging).*
- *Mulige barrierevirkninger for trekkende fugl og eventuelle konsekvenser av dette skal beskrives.*
- *Mulige avbøtende tiltak som kan redusere eventuelle konflikter mellom tiltaket og fugl skal vurderes.*

Fremgangsmåte:

Utredningene skal gjøres ved bruk av eksisterende informasjon, eventuelt feltbefaring, erfaringer fra andre områder og andre land, og kontakt med lokale og regionale myndigheter og organisasjoner. Vurderingene skal gjøres både for anleggs- og driftsfase.

Annen marin fauna

- *Det skal gis en kort beskrivelse av viktige områder for marine pattedyr, bunndyr, fisk og skalldyr i området. Det skal også gies en kort oversikt over viktige habitater, gyteområder, oppvekstområder og foringsområder. Det skal gis en oversikt over sjeldne, truede eller sårbare arter og ansvarsarter som benytter planområdet.*
- *Eventuelle konsekvenser av tiltaket på overnevnte arter (grunnet støy, vibrasjoner, lys, sedimenttransport, strømningsforhold osv) skal beskrives.*
- *Eventuelle kjente korallforekomster skal registreres og inntegnes på kart.*
- *Eventuelle virkninger av tiltaket på korallforekomster skal vurderes. Avbøtende tiltak skal vurderes.*
- *Eventuell dannelselse av kunstige rev på fundamentene og konsekvensene av dette skal vurderes.*

Fremgangsmåte:

- *Vurderingene skal bygge på eksisterende dokumentasjon, eventuelt feltbefaring, erfaringer fra andre områder og kontakt med lokale og regionale myndigheter og organisasjoner. Vurderingene skal gjøres både for anleggs- og driftsfase.*

- **Annen terrestrisk fauna**
- *Det skal gis en oversikt over truede eller sårbare arter som kan tenkes å bli påvirket av nettilknytning på land.*
- *Det skal gjøres en vurdering av hvordan tiltaket kan virke inn på vilt i området (reduisert beiteareal, barrierevirkning for trekkveier, skremsel/forstyrrelse, økt ferdse med mere).*
- *Avbøtende tiltak som kan redusere eventuelle konflikter mellom tiltaket og berørt fauna skal beskrives.*

Fremgangsmåte:

- *Vurderingene skal bygge på eksisterende dokumentasjon, eventuelt feltbefaring og kontakt med lokale og regionale myndigheter og organisasjoner. Vurderingene skal gjøres både for anleggs- og driftsfase.*

VERNEINTERESSER OG INNGREPSFRIE NATUROMRÅDER

- *Eventuelle konsekvenser av tiltaket, indirekte og direkte, for områder vernet etter naturvernloven og/eller plan- og bygningsloven skal beskrives. Det skal vurderes hvordan tiltaket eventuelt vil kunne påvirke verneformålet.*
- *Konsekvenser for områder som er omfattet av Ramsar-konvensjonen skal beskrives.*
- *Eventuelle konsekvenser for planlagte verneområder skal beskrives.*
- *Tiltakets påvirkning av inngrepsfrie områder skal beskrives kort, og bortfallet av inngrepsfrie naturområder skal tall- og kartfestes.*

FISKERI- OG HAVBRUKSNÆRING

- *Fiskeri- og havbruksnæringen i utbyggingsområdene skal beskrives.*
- *Eventuelle konsekvenser for utøvelse av fiskeri- og havbruksnæringen, herunder taretråling, skal vurderes.*
- *Det skal gis en kortfattet oppsummering av eksisterende kunnskap om elektromagnetiske felt fra kabelanlegg og mulig påvirkning på fisk.*

Fremgangsmåte:

- *Vurderingene skal bygge på eksisterende dokumentasjon, og kontakt med lokalbefolkning, fiskerinæringen, Havforskningsinstituttet, lokale og regionale myndigheter og organisasjoner.»*

NOF merknad:

KU-programmet – konsesjonsutgreiinga i søknad om Havsul I:

Korleis var situasjonen 2005-2008, korleis har saka utvikla seg og korleis har kunnskapsstatus og miljøstatus utvikla seg i tida etter?

KU-programmet burde ha hatt klarare målretting:

- Kva kunnskap skal leggst til grunn og kva kunnskap skal avklare kva i høve til problemstillingar.
- Primærspørsmålet: Er det rett å gje konsesjon til vindkraftverk ut frå heilskapsverdi og -funksjon, i høve til vedtekne, politiske mål for vern og bruk av natur, og konvensjons- og avtalefesta internasjonale plikter.
- Behov for kva som er klart skilje mellom kunnskap og kunnskapsbruk i høve til verdi og funksjon før inngrep og utbyggingar, og førebyggjande og avbøtande tiltak som berre kan verte vilkår for å ta vare på restverdiar og -funksjonar dersom svaret på primærspørsmålet er å gje konsesjon.
- I KU-programmet vert førebyggjande og avbøtande tiltak på mange måtar presentert som ein måte å vedlikehalde før-verdi og før-funksjon, særleg for økosystem som blir berørte av utbygging. Det gjeld naturtyper, vegetasjon og fugleliv, men og delar av marin fauna.
- KU for kvart tema skal bygge på «eksisterande dokumentasjon», utan nærare definisjon av kva som er meint med omgrepet.

Spesielt med tanke på referansen og verdivurderingar for KU som del av søknadsgrunnlaget, særleg NVE sin gjennomgang og vurderingar etter høyring og som grunnlag for konklusjon og konsesjonsvedtak i samsvar med lover og regelverk, ser vi i ettertid avgjerande, manglande bruk av det som burde vere «eksisterande dokumentasjon». Dette burde vere spesielt viktig for Havsulprosjekta. Det gjeld utbygging av vindkraft i radikalt annleis landskap og natur enn for tidlegare godkjende anlegg, lokalisert til økosystem som alltid har vore og framleis er noko av det rikaste og mest livgjevande av naturgrunnlaget i Norge.

Er KU-programmet oppfylt?

Multiconsult syner til rapportar frå uavhengige fagkonsulentar og konkluderer med at konsekvensutgreiinga er utført i samsvar med KU-program fastsett av NVE: *Miljøfaglig utredning* som har levert fagrapport for biologisk mangfald, *Rådgivende biologer* for marin flora og fauna, jamfør kapittel 7 i søknadsdokumenta. I 7.2 er «influensområde» delt i tiltaks- eller planområde som dekker areal med fysiske inngrep (ytterskjergard/fallgard) og fysisk aktivitet under bygging og seinare drift. Rundt dette er definert eit «influensområde», som varierer i storleik (= ut frå tiltaksområdet) for ulike tema. For biologisk mangfald, verneområde og inngrepsfrie naturområde er det logisk nok ikkje definert avstand frå planområdet til ytterkant av influensområdet, etter som KU-programmet ikkje opererer med nokon eintydig definisjon av dette. Naturtyper, flora og vegetasjon er dels definert som «i eller nær planområdet» for naturtyper og «i planområdet» for vegetasjon, medan det for effektar er nytta «hvordan eventuelle sjeldne, sårbare eller truede forekomster vil kunne påvirkes av tiltaket» og såleis ikkje nødvendigvis innafor ei førehandsdefinert grense. For fugl er definisjonane endå meir diffuse, «i planområdet og viktige områder for fugl». Det same gjeld påverknader, dels definert som planområdet, men også negative effektar utafor planområdet «reduert/forringet leveområde» eller «barriere-effektar og eventuelle konsekvenser av dette». Det er referert til fysisk definisjon av influensområde i danske studiar for område der ein må rekne med «betydelig redusert verdi som næringsområde og overvintringsområde for sjøfugl», med 2-4 km i tillegg rundt det fysiske utbyggingsområdet. Overført til Havsul I blir dette 138-244 km². For annan marin fauna set ikkje KU-programmet

områdegrenser til planområdet anna enn for ei oversikt over sjeldne, sårbare eller trua artar som nyttar planområdet. KU-programmet gjeld såleis tilstanden i og rundt planområdet utan definerte grenser. «*Annen terrestrisk fauna*» gjeld kraftledningsnettut frå kraftverket og er stort sett av perifer interesse i høve til vindkraftverksområdet.

For verneinteresser og inngrepsfri natur vil fysiske grenser og avstandar vere av underordna interesse. Poenget i KU-programmet er kor vidt tiltaket vil kunne få effekt for verneformålet og kva som kan bli konsekvens av vindkraftverket. Fagkonsulentane har vore bevisst slik definisjon. Det går klart fram ved at konfliktpotensialet for fugl i høve til planane. Det er derfor inkonsekvent og uventa at for alle andre verneområde enn Runde ser det ut til å vere lagt til grunn kor vidt det er fysisk overlappende areal mellom verneområde og planområde, evt. ei sone på 2-4 km rundt planområdet. Dette kan ikkje vere i samsvar med KU-programmet og reelle problemstillingar. Hekkande kyst- og sjøfugl og overvintrande fugl er dynamiske i utnytting av tilgjengeleg næringsgrunnlag innan rimeleg rekkevidde. For fuglefjellsfugl frå Runde er dynamikken i stor grad tilpassa å utnytte pelagisk næring i skiftande konsentrasjonar alt etter aktiv vandring, eller ført av dominerande straumelvar, kvervlar og frontsystem som tidvis skaper optimal tilgang på næring. Dette er ein av dei viktigaste føresetnadene for biologisk rikdom på Møre-kysten og grunnlaget for dei store fiskeria der. Føresetnaden for å kunne halde oppe eit fuglefjell er at det er føreseieleg tilgang på næring heile perioden frå førebuing til hekkesesong på etterjuls vinter til seinsommar/haust, for ein skilde artar langt ut på hausten (havsvale, stormsvale og havsule). For dei mest ekstreme artane (stormfugl og suler) går næringsøket regelmessig 4-500 km eller meir ut frå kolonien, for alkefugl regelmessig inntil 70-80 km, medan toppskarv, måsar og terner i hovudsak søker næring inntil 20-40 km frå hekkeplassen. Konklusjonen er at for ein de av problemstillingane kan KU-programmet definerast som langt på veg oppfylt, slik dei er utforma og fastsette av NVE, men for eventuelle konfliktpotensialet med verneområde, sviktar det radikalt i høve til det som må oppfattast som målsetjing for konsekvensutgreiinga, å få klarlagt kor vidt og eventuelt i kva omfang planane for Havsul I er i konflikt med omsynet til hekkande og næringsøkende sjø- og kystfugl, og i særleg grad til verna område. For viktige miljøomsyn og -verdiar er avgjerande konfliktpotensialet oversett/sett til side. Dette vil bli nærare kommentert seinare.

Verna, foreslått verna og verdivurderte naturområde som vil kunne bli påverka av Havsul I

Ei lang rekkje verneområde vil kunne bli negativt påverka av vindkraftverket Havsul I, først og fremst sjøfuglkoloniar med pelagiske fuglefjellsfuglar (suler, skarvar, krykkje, alkefugl), men og marine våtmarkfuglar der planområdet for Havsul I inngår med viktig funksjon for trekk- og vinterbestandar av artar som er inkluderte i vernegrundlaget for marine våtmarksområde. For fuglefjellsfuglar gjeld dette først og fremst næringsøksområde. Havsule går regelmessig 400 km ut frå hekkeplassen, havhest meir enn 500 km, havsvale i alle fall 400-500 km, toppskarv vanlegvis innafor 25 km, alkefugl og krykkje regelmessig 70-80 km, unntaksvis meir enn 200 km. Fjørfellande sjøender og gress konsentrerer seg rundt avsidesliggende skjer- og gruntvassområde, og overvintrande sjøfugl, lommar, dykkarar og ender pendlar mellom område med rik tilgang på næring, dels grunne område, dels straumrike område. På ulikt vis vil Havsul I måtte få virkningar innan svært mange formalverna område, avhengig av kva artar og til kva årstid samspelet med planområdet for Havsul I er ein viktig del av eksistensgrunnlaget:

- a. **Runde fredingsområde** med fire delområde og eit større område med dyrelivsfreding– freda første gong 1957 som første freda fuglefjell i Norge, og med utvida fredingsvedtak seinare, sist 30.04. 1981 og inkludert i «Verneplan for hekkande sjøfugl i M & R». Er også Ramsar-område og del av Emerald Network. Avstand til planområdet 50 km og følgeleg vil dette ligge innafor normal fødesøksavstand for alle fuglefjellshekkande sjøfugl gjennom hekkesesongen, med unntak av toppskarv.
- b. **Harøya våtmarkssystem** – freda 27.05. 1988 med fem delområde og eitt større område med dyrelivsfreding, inkludert i «Verneplan for våtmarker i Møre og Romsdal». Er Ramsar-område og Emerald Network. Avstand til planområdet 4,5 km. For ei rekkje av artane og bestandane som er grunnlag for Ramsar-status er planområdet med influensområde ein viktig del av næringsgrunnlaget i ulike delar av året (lomar, dykkerar, sjø-ender).
- c. **Sveltingen naturreservat** sørvest for Ona – registrert og verdivurdert 1980-talet, grunnlags-rapport 1998, oppstart verneplan juli 2003, vedtak 22.06. 2010, inkludert i «Verneplan for hekkande sjøfugl i M&R». Avstand til planområdet 4,5 km. Viktige hekkeartar er toppskarv og teist, som begge har viktige delar av næringsssøksområda i og rundt planområdet.
- d. **Røssholmen-Skjela-Oterholmen naturreservat** ved Ona – registrert og verdivurdert 1980-talet, grunnlagsrapport 1998, oppstart verneplan juli 2003, vedtak 22.06. 2010, inkludert i «Verneplan for hekkande sjøfugl i M&R». Avstand til planområdet 6,5 km. Viktige hekkeartar er toppskarv, ærfugl, måsar, ternar og teist. For alle desse ligg planområdet innafor dei viktigaste næringsssøksområda i hekketida.
- e. **Saltsteinen-Kløvningen naturreservat** aust for Ona – registrert og verdivurdert 1980-talet, grunnlagsrapport 1998, oppstart verneplan juli 2003, vedtak 22.06. 2010, inkludert i «Verneplan for hekkande sjøfugl i M&R». Avstand til planområdet 12 km. Viktige hekkeartar er toppskarv, ærfugl, måsar, ternar og teist. Planområdet ligg godt innafor viktigaste næringsssøksområde for fugl frå reservatet.
- f. **Svetlingane naturreservat** nord for Skuløya – registrert og verdivurdert 1980-talet, grunnlags-rapport 1998, oppstart verneplan juli 2003, vedtak 22.06. 2010, inkludert i «Verneplan for hekkande sjøfugl i M&R». Avstand til planområdet 10 km. Viktige hekkeartar er toppskarv, måsar, ternar og teist. Planområdet ligg innafor dei viktigaste næringsssøksområda for fugl frå reservatet.
- g. **Husfjellet naturreservat** ved Flem på Skuløya – registrert og verdivurdert 1980-talet, grunnlags-rapport 1998, oppstart verneplan juli 2003, vedtak 22.06. 2010, inkludert i «Verneplan for hekkande sjøfugl i M&R». Avstand til planområdet 14 km. Viktige hekkeartar er toppskarv og gråmåse, tidlegare også havhest. Planområdet ligg godt innafor normal næringsssøksavstad for fugl frå reservatet.
- h. **Ullasundet fuglefredingsområde** – freda 27.05. 1988 som del av «Verneplan for våtmarker i Møre og Romsdal». Jamfør og Emerald Network. Avstand til planområdet 14 km. For viktige artar og bestandar er området i samfunksjon med planområdet for Havsul I og med Harøya våtmarkssystem.

- i. **Orholmen-Grøningen naturreservat** i Aukra – registrert og verdivurdert 1980-talet, grunnlags-rapport 1998, oppstart verneplan juli 2003, vedtak 22.06. 2010, inkludert i «Verneplan for hekkande sjøfugl i M&R». Avstand til planområdet 15 km. Viktige hekkeartar ærfugl, måsar og terner. Avstand til planområdet godt innafør det som er normalt næringsøk hos dei aktuelle artane.
- j. **Haramsøya vestsida naturreservat** mellom Ulla og Haram – registrert og verdivurdert 1980-talet, grunnlags-rapport 1998, oppstart verneplan juli 2003, vedtak 22.06. 2010, inkludert i «Verneplan for hekkande sjøfugl i M&R». Jamfør og Emerald Network. Avstand til planområdet 16 km. Viktige hekkeartar er toppskarv, vandrefalk, tidlegare også havhest og måsar. Planområdet ligg godt innafør det som er normale næringsøksområde for fugl som hekkar i reservatet.
- k. **Rogneholmen naturreservat** ved Rogne, Skuløya. Freda 27.05. 1988, inkludert i «Verneplan for våtmarker i Møre og Romsdal». Avstand til planområdet 18 km. Viktige hekkeartar måsar og terner, tradisjonelt svært viktig for hekkande terner. Planområdet ligg innafør normal avstand for næringsøk hos dei aktuelle artane.
- l. **Rødholmen ved Skuløya** – registrert og verdivurdert 1980-talet, grunnlags-rapport 1998, oppstart verneplan juli 2003, vedtak 22.06. 2010, inkludert i «Verneplan for hekkande sjøfugl i M&R». Avstand til planområdet 19 km. Viktige hekkeartar er ærfugl, måsar, terner og teist. Planområdet ligg innafør det som er normal avstand for næringsøk hos dei aktuelle artane.
- m. **Måsehamrane naturreservat** på Løvsøya – registrert og verdivurdert 1980-talet, grunnlags-rapport 1998, oppstart verneplan juli 2003, vedtak 22.06. 2010, inkludert i «Verneplan for hekkande sjøfugl i M&R». Avstand til planområdet 23 km. Viktige hekkeartar er toppskarv og gråmåse, tidlegare også havhest. Planområdet ligg innafør det som må reknast som normal næringsøksavstand for hekkefugl frå reservatet.
- n. **Løvsøyrevet fuglefredingsområde** - Freda 27.05. 1988 med fem delområde og eitt større område med dyrelivsfreding, inkludert i «Verneplan for våtmarker i Møre og Romsdal». Avstand til planområdet 23 km. Viktige hekkeartar ærfugl, måsar, terner og teist. Planområdet innafør det som må reknast som normal avstand for næringsøk for aktuelle artar.
- o. **Storholmen naturreservat** i Giske – registrert og verdivurdert 1980-talet, grunnlags-rapport 1998, oppstart verneplan juli 2003, vedtak 22.06. 2010, inkludert i «Verneplan for hekkande sjøfugl i M&R». Avstand til planområdet er 25 km. Viktige hekkeartar er havsvale, toppskarv, terner og teist, tidlegare også lomvi. For havsvale og evt. lomvi ligg planområdet godt innafør det som er normal næringsøksavstand i hekketida, for toppskarv som viktigaste hekkeart i dag, innafør det som må reknast som regelmessig næringsøksavstand for hekkefugl.

Dette er hekkelokalitetar for ulike sjøfuglartar som frå gammalt av har husa store til relativt store koloniar og som ligg i ein avstand frå planområdet for Havsul I som gjer at dei kan nyttiggjere seg næring i dette området når tilbodet konsentrerer seg der. Det er her gjort ei nøktern inndeling av normal næringsøksavstand for ulike artar: Havhest og havsule 2-400 km eller meir, krykkje og alkefugl 60-70 km, unntaksvis meir, toppskarv, måsar og terner

inntil 25 km eller evt. meir. Det betyr at for dei fleste fuglefjellsfuglane frå Runde ligg Havsul I godt innafør normal næringsøksavstand, medan avstandsgrensa for dei andre verneområda er vurdert ut frå for toppskarv (inntil 35 km dokumentert ved datalogging), måsar, terner og teist til 25 km (25 km dokumentert for fargeringsmerka gråmåse). I tillegg til hekkande sjøfugl frå dei verneområda som er lista opp her, kjem og krykkjekoloniane som framleis finst innafør dette kystavsnittet, og som samla er det vesentlege av den bestanden som framleis finst i Møre og Romsdal. Nest største koloni i fylket er i Ålesund hamn, med rundt 1000 par og i tillegg nokre hundre par frå Sande i sør til og med Hustadvika i nord. Alle desse koloniane ligg i hamner og på sjøhus og ingen av dei innafør verna område. Arten er sterkt truga og burde derfor ha høg forvaltingsprioritet. Planområdet for Havsul I ligg innafør normal næringsøksavstand for alle dei aktuelle koloniane gjennom heile hekketida. Næringsøk hos krykkje føregår flokkvis og i flukt, så arten vil vere sårbar for turbinkollisjonar.

Korleis er naturverdiane vurderte i konsekvensutgreininga?

Konsesjonssøknad for Havsul I vindkraftverk frå 16.02. 2006 inneheld konsekvensutgreining for prosjektet. Problemstillingane er summert i eit kortfatta samandrag der det er poengtert at lokalisering av Havsul I er bygt på ei totalvurdering av nokre viktige faktorar:

- Ingen eksisterande verneområde
- Har unngått moglege verneinteresser
- Få friluftsiinteresser

I dette notatet går NOF nærare inn på desse lokaliseringsfaktorane, som i røynda viser seg ikkje å vere i samsvar med realitetane.

Med tilvising til KU-programmet er det gitt ein kort gjennomgang av effektar/problem der konfliktnivået er nedtona i høve til verdifokusering og konfliktrar. Det går likevel klart fram at planområdet og særleg influensområdet har stort biologisk mangfald og er særleg viktig for fugl, både for hekking og næringsøkande hekkefugl, i fjørfellingstida, trekketidene og om vinteren, og at området er spesielt viktig for næringsøkande hekkefugl frå fuglefjellet på Runde. For marin flora og fauna er det synt til at området er rikt og variert, at sjøpattedyr er ein viktig del av faunaen, men vurderingane er generelle og gir inntrykk av relativt lavt konfliktnivå under utbygging og lite eller ikkje problem gjennom etablert driftsfase og utan nærare konkretisering. For fiskeri er det peika på at eit par fartøytyper som vil kunne merke negative endringar, men ut over dette er eventuelle konfliktrar nedtona. Av næringsinteresser er det først og fremst for taretråling det er konkludert med dokumenterbare konfliktrar.

I oppsummeringa er det likevel ingen tvil om at utbygging av Havsul I vil ha dels store konfliktrar på enkelte område, og essensen i samandraget er at utbygging vil ha store konsekvensar for miljøet. Påverknaden på kystlandskapet er fokusert og i stor grad knytt til det visuelle. For mange berørte tema er dette sikkert rett, men det fangar ikkje opp den tyngde som livsprosessane står for i ein heilskap av biologisk produksjon og aktivitet, av det rikaste og mest konsentrerte som finns globalt og som kjem til uttrykk gjennom haustbare ressursar for mennesket og mangfald av artar og mengder av liv som er med på å gjere denne delen av Norskekysten til eitt av dei mest produktive sjøområda på jorda. I ein

gjennomgang med merknader til ei rekkje sitat frå konsekvensutgreiinga i kapittel 7 og i søknadsdokumentet elles vil NOF å gå inn på kunnskapsgrunnlag og vurderingane i detalj. I det følgjande blir det teke utgangspunkt i sitat frå søknadsdokumentet, markerte med hermeteikn og kursivering fortløpande frå delar av kapittel 2.

2.4 «Andre nødvendige tillatelser og godkjenninger

Tematiske verneplaner

- *I forbindelse med arbeidet med marin verneplan ble det sett nærmere på et område som strekker seg fra vestsida av Harøya, forbi Uksnøya og ut mot Havsteinen. Området ble tatt med på bruttolista, men i den endelige tilrådingen var dette området utelatt. Selv om området har verneverdier, ble det med andre ord ikke vernet i denne omgang. Havsul I AS ble tidlig gjort kjent med disse planene, og valgte derfor å justere vindparkområdet for å unngå konflikter med verneverdiene i dette området. Det er flere verneområder i Sandøy kommune, men ingen som ligger nær inntil vindparken. Forholdet til verneområdene er nærmere omtalt i egen fagrapport om biologisk mangfold og verneinteresser, samt i kapittel 7.5 i denne rapporten.»*

NOF merknader: Området det her er synt til, er avgrensa i areal, men er i røynda del av eitt av dei største og mest produktive tareskogsområda i Norge og såleis og i global samanheng. Jamfør omtalar både framanfor og seinare.

«4. Lokalisering

Verneområder

- *Deler av sjøområdet utenfor Harøya var aktuelt med tanke på vern i forbindelse med marin verneplan. Selv om dette området ikke ble tatt med i den endelige verneplanen, har det kvaliteter som er ønskelig å ivareta. Tiltakshaverne bak Havsul I valgte derfor å justere vindparkområdet for å unngå overlapp med dette området. Det nærmeste verneområdet (naturresevat) ligger i Selvikvågen på Harøya, ca. 2,9 km fra vindparken.*

NOF merknader: Jamfør tidlegare kommentarar. Problemstillingane for verneområda er ikkje knytt til om dei fysisk overlappar med planområdet, men om vindkraftverket får effektar, direkte og indirekte, for verneområde også utafor planområdet. Sjå KU-programmet og jamfør naturmangfaldlova § 49.

7.5 «Biologisk mangfold og verneinteresser

Metode og datagrunnlag

- *Det er utført innsamling av eksisterende data, feltbefaringer, verdsetting av lokaliteter, omfangsvurdering og konsekvensutredning. Geografisk er arbeidet avgrenset av et definert planområde med et influensområde som kan bli indirekte berørt, og disse til sammen utgjør utredningsområdet. Det er lagt vekt på å avgrense og beskrive areal med spesielle naturverdi. I utredningsområdet for vindparken er det utført trekkteilinger på våren og kartlegging av hekkende sjøfugl. Mytebestandene av marine dykkende ble registrert fra fly. I tillegg ble takseringer av*

næringssøkende sjøfugl utført i deler av planområdet under hekketida. Lokale ressurspersoner i Norsk Ornitologisk Forening (NOF) er kontaktet for ytterligere informasjon om sjøfuglforekomstene i området. Fra tidligere forelå gode data på hekkebestandene av sjøfugl på Sveltingen, samt god generell kunnskap om trekket vår og høst langs ytre deler av Møre kysten.

- *Kunnskapen om overvintrende sjøfugl er fortsatt svært mangelfull fra planområdet, noe bedre fra influensområdet.»*

NOF merknader: Datainnsamling gjeld logisk nok både planområde og influensområdet, sistnemnde klassifisert ved «.. som kan bli indirekte berørt, ...». Derfor er det forvirrende at Sveltingen er nemnd, men ingen andre hekkelokaliteter sjølv om det aktuelle influensområdet har vore tilsvarande godt kartlagt. Det er direkte misvisande når det blir sagt at kunnskapen om overvintrande sjøfugl «.. fortsatt er svært mangelfull fra planområdet, noe bedre fra influensområdet.» Her ser ut til å mangle kunnskap innsamla i andre samanhengar, først og fremst kartlegging av sjøfugl i samband med Møre I-undersøkingane. Jamfør Arne Follestad og Jørn Thomassen 1985 «Viltrapport 37, Konsekvensvurdering av olje/sjøfugl Møre I og Troms II», også artikkel i Polar Research 8:1, 1990, s. 23-28, Arne Follestad om registrering av alkekonge bl.a. på kysten av Møre og Romsdal.

«Områdebeskrivelse / verdivurdering

- *Vindparken er planlagt i et stort gruntvannsområde med bare et fåtalls små skjær utenfor Harøya og Finnøya i Sandøy kommune. Planområdet har ingen egnede hekkeplasser for sjøfugl, men i influensområdet finnes flere. Av disse er Sveltingen det viktigste. Dette området er foreslått som naturreservat og vurderes å ha regional til nasjonal verdi. De øvrige områdene ligger i det store gruntvannsområdet nordvest for Harøya og har lokale til regionale verdier som hekkeplasser for sjøfugl.»*

NOF merknader: Jamfør tidlegare merknader. «Influensområdet» er ikkje fysisk definert, men samsvarar ikkje med det som er sagt om influensområde under metode og datainnsamling, eller det som er sagt i KU-programmet om indirekte eller direkte effekt av utbygging, slett ikkje i samsvar med det som er sagt i neste kulepunkt.

- *«Planområdets viktigste funksjon for fugl er som næringsområde for havsule og alkefugl fra koloniene på Runde i Herøy kommune, som er Sør-Norges største fuglefjell, og for lokale hekkebestander av toppskarv, krykkje og teist. Særlig viktig er området for havsule og rødlisteartene lunde og lomvi. Ekneskjæra er viktig som hvile- og overnattingsplass for toppskarv og fungerer også som fjørmyteområde for ærfugl. I influensområdet er det regionalt viktige myteområder for ærfugl ved Ekneskjæra og Ballane sørvest for Ona og ved Havsteinen i sørvest.»*

NOF merknader: Dette må stå sentralt i verdi-, effekt- og konfliktvurdering i høve til korleis konsesjonssøknaden er vurdert og konkludert. Vurdering og konklusjon i KU er etter NOF si oppfatning heilt rett. Det er viktig at fuglefjellet på Runde blir inkludert i influensområdet i og med at effektane frå ei utbygging vil kunne slå ut der. I eit slikt perspektiv kan ein ikkje vurdere art for art, funksjon for funksjon i høve til delområde innafor sjølve planområdet.

Det overordna som må vektleggast i ein KU-samanheng, er at sumfunksjonen for sjøfugl både innafor planområdet og i influensområdet er avgjerande og må ha overordna prioritet.

- *«Under trekket vår og høst passerer et massivt trekk av sjøfugl, arktiske gjess og andre våtmarksfugler langs kysten av Møre og Romsdal. Særlig omfattende er trekket av lommer (spesielt smålom, men også islom og gulnebbblom som er norske ansvarsarter på vinterbestandsnivå), skarver, de arktiske gåseartene hvitkinngås og ringgås (rødlistet som hekkefugl på Svalbard), marine dykkender, vadefugler og måkefugler. Denne trekkruta vurderes å ha internasjonal verdi.»*

NOF merknader: Detaljar i trekket kan vere interessante nok, men skildringane i KU-rapporten er utvetydige og forsterkande i høve til konfliktpotensialet i utbygging. Det som ligg føre av «.. eksisterende dokumentasjon ..» er meir enn nok for at omsynet til trekkfugl må ha prioritet.

- *«Vinterbestandene av sjøfugl er dårlig kjent fra planområdet, Kunnskapen er noe bedre fra det store gruntvannsområdet nordvest for Harøya. Deler av dette ligger innenfor influensområdet og har gode forekomster av lommer, dykkere, ærfugl, sjørør og havelle. Generelt har kyststrekningen Giske - Haram - Sandøy i nasjonal målestokk store bestander av lommer, dykkere, skarv, ærfugl, havelle, sjørør og siland.»*

NOF merknader: Når NOF i innspel til planlegging av Havsul I, konsekvensutgreiing og konsesjonshandsaming har hevda at kunnskapsgrunnlaget har vore for dårleg, gjeld ikkje det faktisk «eksisterende dokumentasjon» (NVE i KU-programmet), men i kva grad kunnskapen er nytta. NOF har vanskeleg for å finne att kunnskap frå t.d. Møre-I-utgreiingane, og frå oljevernaksjonane i samband med Sonata-forliset november 1991 og verknadane frå Arisan januar 1992 -våren 1993.

- *«For deler av arealet innenfor utredningsområdet har vurderingene mot verdikilder og verdikriterier ikke gitt utslag. Dette betyr ikke at disse arealene er uten verdi for sjøfugl, bare at det ikke har blitt funnet spesielle verdier som gir grunnlag for å skille ut konkrete, avgrensable lokaliteter. Mer eller mindre hele planområdet er et viktig næringsområde for havsule, toppskarv og alkefugl, mens deler av både planområdet og influensområdet trolig har viktige funksjoner for overvintrende sjøfugl. Det har imidlertid ikke vært mulig å gi en kartavgrensning av disse områdene på bakgrunn av det sparsomme materialet som foreligger.»*

NOF merknader: Det sentrale er sumkonklusjonen om at meir eller mindre heile planområdet er viktig næringsområde for fugl. Sett i eit helskapsperspektiv snakkar vi her om eit område av avgjerende betydning også i eit internasjonalt perspektiv. Det vil vere meiningslaust å søke etter gradert verdi innan dela av området, så lenge dette er eit ope, dynamisk marinøkologisk system der vandringar og vasstransport kontinuerleg vekslar i takt med skiftande fysiske og kjemiske faktorar.

«Konsekvenser i anleggs- og driftsfasen

- *I anleggsfasen er det forventet at planområdet blir mindre attraktivt for lommer, marine dykkender og alkefugl, mens måkefugler vil bli tiltrukket av den økte båttrafikken i området. Mytetida er en kritisk fase i andefuglenes livssyklus, og forstyrrelser fra anleggsarbeidet vil få negative effekter for mytende ærfugl omkring Havsteinen og Ekneskjæra. De største negative konsekvensene for sjøfugl i driftsfasen oppstår ved habitatforringelse av myte-, nærings- og overvintringsområder, og gjennom barriereeffekter og kollisjonsrisiko – spesielt for trekkende fugler. På bakgrunn av erfaringer gjort i danske etterundersøkelser vil trolig et sjøareal på 138 - 244 km² (planområdet og et 2-4 km bredt belte rundt) få betydelig redusert verdi som næringsområde og overvintringsområde for sjøfugl.»*

NOF merknader: Det er av underordna interesse og verknad å søke etter og samanlikne reaksjonar hos fugl knytt til anleggsverksemd kontra permanent drift. Industrialisering av eit stort skjer- og fallgardsområde vil innebere radikale endringar, forstyrring og nye dødsårsaker uansett. I den grad erfaringane frå danske farvatn kan overførast til Møre-kysten, er det meir enn nok å konstatere sumeffekter og sumdimensjonar av påverknad. Dei er betydelege og negative uansett.

- *«I forhold til plassering av enkeltturbiner er det størst konflikter ved Ekneskjæra, der det i alle alternativene er planlagt flere turbiner innenfor et gruntvannsområde som er viktig for ærfugl spesielt i tida før myting, men også i selve mytetida. I tillegg er selve Ekneskjæra et meget viktig hvile- og overnattingskjær for toppskarv. Konsekvensenes betydning er mest negativ i V1 og V2, men også i V3 er det plassert tre vindturbiner i området.»*

NOF merknader: Med tilvising til det som er sagt ovanfor, er det unødvendig å grave seg ned i detaljvurderingar i høve til artar, årstid eller konstruksjonsdetaljar. Fokus må vere på sumeffektane. Dei er meir enn godt nok skildra og summerte.

- *«Siden det ikke er påvist klare sammenhenger mellom turbinstørrelse og kollisjonsrisiko for fugl, vil konfliktnivået og dermed også de negative konsekvensene øke med antall planlagte turbiner. Det gunstigste alternativet i så måte blir da V3, fulgt av V1 og med V2 som det mest konfliktfylte.»*

NOF merknader: Sentralt i problemstillingane er det faktum at vindturbinar forårsakar kollisjonar, og plassering av vindturbinar i eit konsentrert næringsøksområde for fugl vil representere ei ny dødsårsak for artar der årleg mortalitet i utgangspunktet er særdeles låg. Sjølv med tilsynelatande moderat kollisjonsfrekvens kan det bety fatal auke i mortaliteten i høve til vaksenmortalitet på 5 % p.a. eller lågare for mange av dei aktuelle artane.

- *«Den kumulative effekten for trekkende fugler og for sjøfugl på næringstrekk fra koloniene på Runde vil bli av vesentlig betydning dersom alle omsøkte vindparker i området Vigra - Sandøy bygges ut. Fugl på trekk vil trolig presses vest for parkene under vårtrekket, og inn i en smal korridor mellom vindparker på høsttrekket. konsekvens at fuglene velger suboptimale rasteplasser eller må foreta lengre omveier*

til de tradisjonelle rasteplassene, og ... bruke unødig mye energi under denne kritiske delen av fuglenes årssyklus. For alkefugler og havsule fra Runde kan resultatet bli at de fleste viktige næringsområdene mellom Vigra og Sandøy blir mindre attraktive for fuglene. Særlig i år med lite næring i alternative næringsområder for sjøfuglene på Runde vil dette være kritisk for fuglenes ungeproduksjon.»

NOF merknader: Fokus må vere på effektane av Havsul I åleine! Det er dette anlegget som må realitetsvurderast no og i høve til den konsesjonsprosessen som har vore. Derfor må det vere før-situasjonen, altså utan industriutbygging, som er referansegrunnlaget. Det blir heilt irrelevant å søke ei form for «worst-case»-scenario som referanse. Problemet for hekkefugl frå Runde og for rastande trekkfugl eller overvintrande fugl som søker føde i sjøen, er ikkje først og fremst at områda blir mindre attraktive, men at konsentrasjon av pelagisk næring er deira optimale og mest attraktive måte å skaffe seg føde på og det som fangar deira fokus. Eit vindkraftverk plassert sentralt i høve til dei kystområda som i sommarhalvåret regelmessig har slike optimalsituasjonar, betyr derfor ei dødsfelle for fugl som er avhengig av å vere på vengene for å kome inn i og ut av området, og for fleire av dei også å drive aktivt næringsøk flygande over næringskjelda. Det kritiske for ungeproduksjonen er først og fremst at hekkefuglane hentar næring fleire gonger dagleg gjennom veker og månader. Det aukar sjansen for kollisjonar betydeleg og dermed og for spolert hekking. Adferdsmessige, sosiale signalsystem hos kolonidannande sjøfuglar er slik at dei under aktivt fødesøk blir konsentrert mot der næringstilgang er mest optimal, ikkje som eit tilfeldig val av alternative matkjelder. Eit avgjerande element i dette er at pelagisk næring, som er hovudkjelda for så godt som alle kolonidannande sjøfuglar og alltid vil representere ein optimalsituasjon, er dynamisk i sin karakter og vil konsentrere seg der straumsystem og andre fysiske faktorar er gunstigast.

- *«Etterundersøkelser i danske, tyske, nederlandske og britiske vindparker er benyttet som grunnlag for konsekvensvurderingene. Vurderingen av samlet konsekvensgrad er beheftet med noe usikkerhet pga lite relevant erfaringsmateriale når det gjelder effekter på hekke- og myteforekomster spesielt. ... Havsulområdene er de første offshore vindparkernei Norge, ikke gjort tilsvarende konsekvensvurderinger i forhold til våre sjøfuglressurser og de spesielle forholdene som råder langs Norskekysten. Havsul I er mer en dobbelt så stor som verdens ... største offshore vindpark, Nysted ved Rødsand i den danske delen av Østersjøen. At det ikke finnes erfaringer med så store vindparker til havs, samt manglende empiri om effekter på hekke- og myteforekomster, gjør at føre-var prinsippet blir viktig i konsekvensvurderingen.»*

NOF merknader: Dette skulle tilseie at «føre-var»-prinsippet må verte avgjerande i samsvar med naturmangfaldlova og dei internasjonalt vedtekne prinsippa som elles vert lagde til grunn for forvaltning av marine ressursar.

- *«Det mangelfulle datagrunnlaget for overvintrande sjøfugl er en vesentlig svakhet i utredningen, som også gjør konsekvensvurderingen mindre presis. Slike data må skaffes kan gi en fullgod vurdering av effektene på sjøfugl. En samlet vurdering, der negative effekter knyttet til habitatforringelse av viktige*

næringssøksområder for havsule, toppskarv og alkefugl, myteområder for ærfugl og viktige vinterområder for sjøfugl, samt kollisjonsrisiko for trekkende fugler (spesielt arter som trekker under dårlig lysforhold) står sentralt, gir stor negativ konsekvens for alternativ V1, stor til svært stor negativ konsekvens for alternativ V2 og stor negativ konsekvens for alternativ V3. Forskjellene mellom alternativene er vesentlig begrunnet i forskjeller i antall vindturbiner; i noe mindre grad av plassering av turbiner i sårbare områder.»

NOF merknader: Som nemnt framanfor, er det NOF si oppfatning at det som blir framstilt som mangelfullt datagrunnlag for fugl vinterstid, langt meir viser at konsekvensutgreiinga ikkje har hatt prioritet på å skaffe brei dekning av «eksisterende dokumentasjon». Slik kunnskap er tilgjengeleg i langt større grad enn det blir gitt inntrykk av her.

- *«Vindparken forventes å ha negative effekter både på sjøfuglforekomster av internasjonal verdi (hekkebestandene på Runde) og nasjonal/regional verdi (bestandene på Sveltingen), og influere negativt på bestander som følger en trekkerte av internasjonal verdi. Også områder med internasjonalt vern gjennom Ramsar-konvensjonen kan bli negativt berørt.»*

NOF merknader: Kvar er verdiane av dei andre verneområda, inklusive Ramsar-område som vil bli indirekte påverka av ei eventuell utbygging av Havsul I og i eit kystavsnitt som merkar seg ut med uvanleg mange etablerte verneområde der verdiane i hovudsak har sitt fundament i dei marine økosystema. Kvifor er Runde det einaste verneområde som er vurdert i denne samanhengen?

«Oppfølgende undersøkelser

- *Vindparkens pionerstatus både nasjonalt og internasjonalt når det gjelder størrelse, gjør at det er svært viktig at det settes av tilstrekkelig med ressurser til gode etterundersøkelser, slik at det er mulig å gi mer presise vurderinger ved framtidige konsekvensutredninger. Etterundersøkelsene bør konsentrere seg om problemstillinger som ikke har vært aktuelle i tilsvarende vindparker i Nordsjøen. Det mest aktuelle er studier av parkens effekter på havsule, toppskarv og alkefuglers bruk av planområdet som næringsområde i hekketida og effekter på mytende ærfugl – foruten studier på kollisjonsrisiko for trekkende fugl. Det anbefales å avvente undersøkelser knyttet til vinterbestandene i påvente av at supplerende vinterregistreringer blir utført. Undersøkelsene foreslås å omfatte en sesong før anleggsstart, anleggsåret og de fem første årene av driftperioden.»*

NOF merknader: Den viktigaste pionerstatusen ved dette prosjektet er planar om fullskala industrialisering av eitt av dei aller viktigaste kystområda i vårt land. Så langt attende som det finns kunnskap, har dette kystavsnittet vore sentralt for fleire av våre viktigaste fiskeri. Grunnlaget er kombinasjonen av viktige straumssystem, kystkonturar og landskaps- og botnstrukturar i møte mellom ope hav, fallgard, skjergard, øylandskap og tidevass-skifting mot store fjordsystem innafor. Det er biologisk produksjon på sitt mest intense, med drivkrefter i hav og sjø som hovudmotor, med ringverknader innover land, langs kyst og straumelvar. Sjø- og kystfugl er medspelarar i eit dynamisk økosystem som

synleg målberande for storleiken av det som føregår. Planforslaget har som føresetnad å setje til side naturelement som i årtusen har vore med på å gje livsgrunnlag langs kysten, menneska inkludert. Problemstillingane vert sett på hovudet når fokus for eitt av pionermotiva er at dette vil gje oss høve til i studere årsak og samanhengar for kvifor bl.a. sjøfugl må vike og korleis det skjer, ikkje på korleis vi skal sikre oss at det ikkje skjer.

«7.6 Marin flora og fauna

Innledning

Opplysningene som er presentert i dette kapitlet er hentet fra tilgjengelig litteratur, nasjonale databaser og Havforskningsinstituttets omfattende og informative nettsider (www.imr.no), samt ved direkte kontakt med instituttets forskere. Det er også tatt kontakt med de berørte kommunene. Det er ikke utført noen nye undersøkelser i forbindelse med denne rapporten.

Områdebeskrivelse og verdivurdering

- *Sjøområdene er grunne og eksponerte og ligger et par km utenfor kyststripen. De er dominert av taeskog og inneholder habitattyper som er blant de mest produktive og artsrike langs hele kysten, og tilstøtende områder er av nasjonal betydning for både kysttorsk og vårgytende sild. Flere tilstøtende områder ble forslått for vern i marin verneplan, blant annet området Uksnøya vest for Harøya. Dette området ble ikke prioritert i den endelige innstillingen.»*

NOF merknader: I si korte form stadfester også dette avsnittet at vi her står over for eit kystområde som merkar seg ut i høve til det meste av Norskekysten. Det må vere heilt sentralt for vidare vurdering.

- *«Området er viktige for sjøpattedyr. Det har stor tetthet av steinkobbe, og niser ferdes her på vei inn og ut Romsdalsfjorden. Området har høy økologisk status og har middels til stor verdi.»*

NOF merknader: Karakteristikk og verdivurdering burde ha vore skjerpa betydeleg. Området har ikkje berre «., stor tetthet av steinkobbe, ..». Overvaking av steinkobbe langs Norskekysten (Havforskningsinstituttet) viser at planområdet har hatt størst konsentrasjon av steinkobbe i landet med mellom 5 og 10 % av alle registrerte dyr langs heile kysten. Kysten her har ikkje berre niser som «.. ferdes her på vei inn og ut av Romsdalsfjorden». Dette kystavsnittet har påvist flest av alle kvalartar som er registrerte i norske farvatn. Saman med sjøfugl er dette ein usvikeleg målestokk på livsvilkår og næringstilgang i desse kystområda. Derfor er det oppsiktsvekkande at det ikkje er klarare fokusert i denne delen av KU.

«Konsekvenser i anleggs- og driftsfasen

- *Konsekvensene av de planlagte tiltakene er antatt å bli størst ved alternativet med flest vindturbiner. Dette medfører størst aktivitet i anleggsfasen, med forstyrrelse og uro for både uten behov for undervannssprengning ved fundamentering av vindturbinene, noe som ellers ville gitt betydelig skadeomfang på organismene i*

området. En regner det ikke som sannsynlig at det er korallområder i tiltaksområdet for vindparkene, men det kan ikke utelukkes at små områder kan forekomme i traseene for ilandføringskablene.»

- *Det ventes vesentlig mindre virkninger av vindparkene når de er etablert. Da vil det i hovedsak være virkninger av lavfrekvens støy for sjøpattedyr, samt forstyrrelser og uro knyttet til ferdsel i forbindelse med vedlikehold. Det ventes at fauna og flora i stor grad vil rekolonisere de områder der det har vært foretatt inngrep, og fisk som eventuelt var skremt bort av anleggsaktivitet ventes å returnere til området. Det ventes ikke noen negative effekter av elektromagnetiske felt rundt sjøkablene, og effektene av anleggsarbeidet med legging av kablene vil være små i forhold til omfanget av arbeidet ved selve etableringen av vindturbinene.»*

NOF merknader: Konsekvensutgreiinga av dette fundamentalt viktige temaområdet er påfallande generell og skjønsmessig, ingen referanse til «eksisterende dokumentasjon», inga grunngjeving av kvifor det er venta det eine eller det andre. Samtidig er det ikkje utdjupa kva som er verknader av lavfrekvent støy, negative effektar av elektromagnetiske felt rundt sjøkablane er neglisjert, nettopp tema som i dag har særleg fokus i samband med moglege negative effektar av off-shore vindkraftverk av liknande type og lokalisering som Havsul I.

«Avbøtende tiltak

- *En bør vurdere mulighet for å begrense vedlikeholdsaktiviteten sommerstid, enten ved å legge den utenom kaste- og fellingsperioden for steinkobbe, eller ved at trafikken ledes i spesielle farleder lengst mulig unna viktige områder for steinkobbe. Dette vil kunne redusere konsekvensene ytterligere.»*

NOF merknader: Dette er på nytt generelle og skjønsmessig vurderte utsegn utan referanse og grunngjeving og kan ikkje oppfatast å ha oppfylt KU-programmet for denne delen av utgreiingane. Suminntrykket er formuleringar som er med på å redusere verdivurderingar av området sin status i marinøkologisk samanheng og neglisjere omsyn til naturgjeven funksjon og korleis dette kan bli påverka av eit storskala industrianlegg.

«Oppfølgende undersøkelser

- *For å øke kunnskapsnivået knyttet til områdets kvaliteter og mulige konsekvenser, foreslås oppfølgende undersøkelser som spesifisert under:»*

NOF merknader: Jamfør merknader til tilsvarende avsnitt under kap. 7.5.

«Kartlegging av korallområder i kabeltraseer

- *Det bør gjennomføres en videokartlegging med hensyn på eventuell forekomst av korallområder på dypområdene i de aktuelle ilandføringstraseer. gjelder primært langs ... sjøkabelen .. til land,*

NOF merknader: Dette er ei oppgåve som var inkludert i KU-programmet og som synes ikkje å vere følgt opp i samsvar med programmet.

«Overvåkning av sjøpattedyr

- *Nisenes bruk av området bør undersøkes nærmere. Steinkobbeneer tidligere fulgt med VHF-sendere, men må følges manuelt. GSM-sendere koblet mot satellitter eller dataloggere som "tømmer" seg innenfor rekkevidde av basestasjoner er mindre arbeidskrevende og vel så nøyaktig.»*

NOF merknader: Dette er kunnskap som skulle være på bordet før konsekvensutgreiing og konsesjonssøknad.

7.12 *Friluftsliv og reiseliv*

NOF merknader: Allereie under planlegging og konsekvensutgreiing burde dette vere tema som hadde fokus på ein heilt annan måte. Både for friluftsliv og reiselivsutvikling har kyst- og skjergardslandskapet betydeleg større verdi enn slik det er vektlagt i konsekvensutgreiinga. I dag er verdien av friluftsliv i kystfronten ein særdeles viktig del for busette og tilreisande, og for reiselivet er kystlandskapet og kystnaturen sterkt fokusert og etterspurd reiselivsprodukt.

7.13 « Fiskeri og havbruk

Innledning

Opplysningene som er presentert i dette kapitlet er fremskaffet fra nasjonale databaser og ved direkte kontakt med forvaltning, næringsorganisasjoner, lokale aktører og de berørte kommunene.

Områdebeskrivelse og verdivurdering

- *Sjøområdene nordvest for Harøya i Sandøy kommune er grunne og meget produktive, og det foregår en rekke kystfiskerier på og ved det aktuelle tiltaksområdet for Havsul I. Særlig gjelder dette deler av snurrevadfiskeriene og linefisket, mens garn- og juksafisket skjer på dypere områder. Det er også et omfattende fritidsfiske der teinefiske etter krabbe og hummer skjer i de aktuelle områdene.»*

NOF merknader: Skildring og verdivurdering er heilt i samsvar med det som tidlegare har vore sagt om naturgrunnlaget og burde derfor vore vektlagt som eitt av dei viktigaste kystavsnitta i Norge for fiskerinæringa.

- *«Områdene inngår i sin helhet i taretrålingssonene, og er blant de beste langs denne delen av kysten.»*

NOF merknader: Også dette er heilt i samsvar med at området merkar seg ut som særdeles produktivt i marinøkologisk samanheng. Det er ingen grunn til å avgrense verdien til «denne delen av kysten», etter som denne delen av kysten også har dei viktigaste tareresursane og best utvikla tareskogane på landsbasis.

- *«Vindparkområdet har også betydelig potensiale for seljakt, og det er mulig at også havbeite med kamskjell i fremtiden kan være aktuelt i de delene av området der det er sandbunn.»*

NOF merknader: Vurdering av seljaktpotensialet manglar biologisk og faktisk grunnlag. Steinkobbe, den mest talrike av kystselane, har nokså lågt reproduksjonspotensiale og ei viktig dødsårsak er at dyr går i fiskereiskap. Bestanden har vore kontinuerleg overvaka og seljakt lisensiert og sterkt kontrollert når det gjeld fellingskvoter. Slik situasjonen har vore dei seinare åra, er det derfor eit nokså avgrensa potensiale for kobbejakt og ei utfordring å avpasse uttaket ved jakt i høve til bifangst og viruspidemiar.

- *«Tråling etter reker skjer i de dypere områdene i fjordene, og omfatter ikke de aktuelle områdene. Heller ikke tradisjonelle oppdrettslokaliteter for laks og marin fisk finnes innenfor den planlagte vindparken, fordi disse lokalitetene ligger mindre eksponert til med betydelig større dyp under anleggene. Oppdrett av blåskjell skjer også vanligvis på vesentlig mindre eksponerte steder lenger innover i fjordene. Områdene har samlet sett middels verdi med hensyn på fiskeri- og havbruksinteresser.»*

NOF merknader: Med tanke på biologisk produktivitet og det som har vore vurdert for sjøfugl og marin flora og fauna, er det påfallande at konklusjonen for fiskerinæringa og fiskeriinteresser samla sett ikkje er verdsett høgare. Det er god grunn til å etterlyse grunnlagsmaterialet for desse konklusjonane. Jamfør og seinare høyringsinnspel frå Havforskningsinstituttet, Fiskeridirektoratet og fiskarorganisasjonane.

«Konsekvenser i anleggs- og driftsfasen

- *For de tradisjonelle fiskeriene vil det i anleggsfasen være særlig snurrevadfiskeriene på grunnområdene, dels linefisket i de samme områdene og i mindre grad det lokale fritidsfisket der også teinefiske etter krabbe og hummer inngår, som blir skadelidende på grunn av økt aktivitet og eventuelle restriksjoner i bruk av områdene. Oppdrettsaktivitet, både med hensyn på laks, marine arter og skjell, vil i liten eller ingen grad bli berørt av de foreliggende planene. Det samme gjelder for rekestråling, som i hovedsak foregår på de dypere områdene utenfor planområdet for Havsul I.»*

NOF merknader: Konsekvensvurderingane er generelle og skjønsmessige i si form, og synes heller ikkje å vere heilt i samsvar med den moderate verdivurderinga av potensiale for fiske i føregåande avsnitt.

- *«Taretråling er den aktivitet som kommer i størst konflikt med de planlagte vindparkene. På områdene med hardbunn (fast fjell) vil det ikke være mulig å fortsette med taretråling dersom kablene legges oppå bunnen. Det vil da være stor risiko for at den over ett tonn tunge taretrål-sleden vil henge seg fast i en kabel, ved alternativet med flest vindturbiner vil det være vanskelig å orientere seg og foreta tråling i områdene mellom kabeltraseene. Dette gjelder både i forbindelse med anleggsarbeidet og særlig i driftsfasen etterpå. Taretråling skjer i områder som er grunnere enn 15-20 m. En beregning viser at kun 20,8 km (av totalt 63,3) av 33 kV sjøkabler blir liggende på så grunt vann. Regner man med en forbudssone på 75 m ut til hver side av sjøkabelen, vil et areal på 3,12 km² bli underlagt forbud mot taretråling. Dette utgjør kun 6,3 % av vindparkens totale areal. Hvor stor*

prosentandel dette er av vindparkens produktive areal for stortare (dvs. områder med 0-20 m dybde) er ukjent, men sannsynligvis noe mer.»

NOF merknader: Her er konsekvensvurderingane i samsvar med det som er sagt tidlegare.

«Samlet konsekvensvurdering

Avbøtende tiltak

- *Det er aktuelle fundamenteringsløsningene for vindturbinene medfører ikke undervannsprengninger. Dette reduserer konfliktnivået, og innebærer at avbøtende tiltak knyttet til etablering av fundamenter ikke anses som nødvendig. Nedspyling av kabler i sandbunn og eventuell tildekking med grov stein på hardbunn vil kunne redusere konflikt med taretråling bunn fiskerier. For å redusere konflikten med taretråling spesielt, har en dessuten søkt i størst mulig grad å legge sjøkablene i vindparken på dybder under 20 meter, og for Havsul I er det mulig å legge 2/3 av den totale kabellengden på 63,3 km (alternativ 1) på dypere områder enn det som er lov å taretråle. Dermed blir det beslaglagte areal på 3,1 km², som til sammen utgjør 6,3% av parkens samlede areal. Danskene har ikke tillatt tråling av noe slag i deres offshore vindparker, selv om kablene der i all hovedsak er spylt ned i bløtbunn. Dersom det likevel skal tillates tråling og annet bunnfiskeri innen vindparkene, vil det bli etablert en 75 meters sikringssone på begge sider av kablene, og det må dessuten foretas en nøyaktig inntegning av undervannskabel på sjøkart.»*

NOF merknader: Temaet ligg på sida av det NOF vanlegvis engasjerer seg i, men vi kan likevel ikkje unngå å måtte stille spørsmål ved kvifor ikkje dansk erfaring tilseier at det i praksis må bli dansk standard som blir lagt til grunn også for norske vindindustrilegg og altså strengare restriksjonar mot fiskeri rundt industrilegg.

«Oppfølgende undersøkelser

- *Det er ikke anført konkrete undersøkelser for temaet fiskeri- og havbruksnæringen.»*

NOF merknader: Dette er oppsiktsvekkande konklusjon på bakgrunn av verdivurderingar og konsekvensutgreiingane for fiskerinæringa.

«7.17 Annen arealbruk

- *Områdebeskrivelse*
- *Havsul I er lokalisert til et grunt sjøområde utenfor Harøya. Sandøy kommune har ingen kommuneplan, og området er følgelig ikke avsatt eller regulert til noe formål. I følge kommunen er det få arealbruksinteresser knyttet til dette området utenom fiske og taretråling, som er omtalt i kapittel 7.13. Det samme gjelder for sjøkabeltrasèen mellom vindparken og Småge på Aukra.»*

NOF merknader: Nettopp betydninga for fiskeri og taretråling burde aktualisere arealbruksprioriteringar forankra i kommunale planverktøy, men i denne samanheng er det berre å notere seg status som eit faktum.

- *«I følge Direktoratet for Naturforvaltnings database (Naturbase) er det heller ingen eksisterende eller planlagte verneområder som blir berørt av vindpark eller sjøkabel. Et tilgrensende område til Havsul I var inne på bruttolista i Marin Verneplan (se figur 37), men ble ikke inkludert i den endelige verneplanen.»*

NOF merknader: Det må vere viktig å merke seg at dette er snevra inn til berre kor vidt det er overlappande arealbruksføremål innafor det definerte planområdet, ikkje det som gjeld indirekte eller direkte påverknader av utbygging og drift på verdier innafor influensområdet.

«8 OPPSUMMERING AV KONSEKVENSENE

8.1 Konsekvenser før avbøtende tiltak

- *Konsekvensvurderingene for de ulike utredningstemaene/fagområdene er oppsummert i Tabell 8. Denne tabellen gir en samlet fremstilling av forventet konsekvensnivå ved en utbygging av Havsul I, basert på den informasjon som er tilgjengelig pr dags dato.»*

NOF merknader: Det er viktig å kunne realvurdere hovudspørsmålet isolert og basert på nøkternt sak- og faggrunnlag. Det betyr å vurdere verdi og funksjon både av planområdet og det totale influensområdet, gitt naturmangfaldslova § 49 og indirekte og direkte effektvurderingar slik KU-programmet krev, opp mot gevinsten av eit vindkraftverk, først og fremst i ein total samfunnssamanheng. Gitt vedtekne nasjonalpolitiske mål for bruk og vern av natur og det ansvar Norge har teke på seg i samsvar med internasjonale konvensjonar og avtalar og sett ut frå det ansvar Norge har for forvaltning av fornybare verdier langs våre kystar og nære havområde, er det vanskeleg å skjønne eller sjå at eit vindkraftverk plassert i det strategisk sett viktigaste området for å oppretthalde bestandar av heilt sentrale fiskeartar i våre nære farvatn, kan vere rett. Før dette spørsmålet har vore realitetsvurdert må spørsmål om førebyggjande eller avbøtande tiltak som vilkår for utbygging vente. Slike tiltak vil uansett aldri bli anna enn usikre tiltak for å ta vare på restverdier dersom konklusjonen skulle bli å prioritere eit, trass alt lite, kraftverk i ein heilskapssamanheng, framfor å sikre omsynet til økosystem med global rekkevidde.

«8.5 Kumulative konsekvenser av flere prosjekter

- *Det er ingen tvil om at Havsul I vil ha til dels store konsekvenser på enkelte områder, og den visuelle påvirkningen på kystlandskapet går igjen som en fellesnevner på temaene Landskap, Kulturminner/kulturmiljø og Friluftsliv/reiseliv. Som påpekt i innledningen i konsesjonssøknaden, vil Havsul-prosjektene alene produsere like mye energi som alle øvrige eksisterende og planlagte vindparker i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag til sammen. Det vil derfor være naturlig å vurdere konsekvensene for Havsul-prosjektene opp mot de samlede/kumulative konsekvensene av alle de øvrige vindkraftprosjekter i regionen. Først da får man satt de i et riktig perspektiv.»*

NOF merknader: Ansvarer må først og fremst vere å vurdere konsekvensane for Havsul I høve til dei verdiane som vil verte skadelidande ved ei utbygging, og i energiøkonomisk samanheng i høve til øvre energiproduksjon i Norge, i hovudsak generert frå vasskraft.

Høyringsinnspel til konsesjonssøknad og NVE sine vurderingar

I vedtak frå 24.06 2008 gav NVE konsesjon for å bygge Havsul I vindkraftverk. I konklusjonen for sine vurderingar seier NVE:

- *«NVE har lagt vekt på at Møre og Romsdal er et underskuddsområde for elektrisk kraft, og at tiltaket vil virke positivt på kraftbalansen regionalt og styrke forsyningsikkerheten lokalt og regionalt. Vindkraftverket vil kunne produsere ca 1 TWh ny fornybare elektrisitet. Tiltaket vil medføre store positive økonomiske virkninger for kommunen.*
- *Vindkraftverket vil være visuelt dominerende, men revidert planløsning gir økt avstand til land og vil redusere den visuelle virkningen vesentlig .*
- *Mulige negative virkninger for miljø er i hovedsak knyttet til fortrengningseffekter for sjøfugl som overvintrer og bruker området til næringssøk og fjærfelling. Omfanget av dette er usikkert og vil være avhengig av om fugl vil tilpasse seg vindkraftverket etter anleggsperioden. NVE anser ikke mulige virkninger for fugl for å være avgjørende for konsesjonsvedtaket.*
- *Vindkraftverket vil medføre ulemper for taretrålnæringen, men NVE forutsetter at det gjøres tiltak for å redusere ulempene mest mulig. Nettilknytningen til Nyhamna transformatorstasjon vurderes å ikke medføre ulemper av vesentlig betydning.*
- *NVE konstaterer at Sandøy kommune, Møre og Romsdal fylke og sentrale myndigheter som Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren er positive til Havsul I. NVE konstaterer samtidig at reiselivsinteressene og enkelte naturvernorganisasjoner er skeptiske eller imot prosjektet. NVE konstaterer også at fiskerimyndighetene forutsetter avbøtende tiltak og at fiskerinæringen er skeptiske til Havsul I.»*

NOF merknad:

- I 2008 kunne nok Møre og Romsdal ut frå kriterier pr. vurderingstidspunkt karakteriserast som underskotsområde for el-kraft, men det låg allereie då føre planar om styrking av linjer for overføring av kraft som ville sikre krafttilførsel både frå nord og aust, og frå sør og vest. I dag er ikkje dette området lenger underskotsområde, jamfør merknader frå Fylkesmannen ved høyring i 2019.
- NVE si vektlegging av visuelle effektar av utbygginga som det viktigaste problemområdet manglar grunngeving og ser i praksis heilt bort frå marinøkologiske problem og følgjeeffekter for nasjonalt og internasjonalt særleg viktige område for sjøfugl i hekketid, for trekkande fugl for eit særdeles breidd spekter av artar og bestandar, og for overvintrande fugl. Samtidig vert det og sett bort frå ringverknader for gyteområde for sentrale fiskeartar og for kystfiskeria.

- NVE overser heilt at negative verknader for miljø gjeld grunnleggande funksjonar og globalt viktige verdiar for å oppretthalde eitt av dei store marinøkologiske produksjonssystema, Norskekysten frå møtet mellom Golfstraumen og Kyststraumen på Mørekyten til systema i Barentshavet og Nordishavet i nord. Fugl er i dette bildet berre ein del av samspelet, medan grunnlaget er næringsproduksjon i straumssystema og gyteområda for NVG-sild, torsk, sei og hyse. Havsul I er planlagt sentralt i høve til avgjerande delar av dette systemet. Fortrenging er ikkje det sentrale, men kollisjonspotensiale for næringsøkande fugl, spesielt i hekketida. Det manglar grunngeving av kvifor omsynet til fugl ikkje er avgjerande. Om det kan vere usikre moment i omfanget av konflikhtar, burde i så fall føre-var-prinsippet gjerast gjeldande.
- Det er uttrykt rimeleg klare atterhald for å bygge ut Havsul I både frå Møre og Romsdal fylke, Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren. Alle peikar på store konflikhtar og etter NOF oppfatning er det ikkje grunnlag for å konkludere med at desse instansane er positive. Det er direkte misvisande når NVE «konstaterer» at reiselivsnæring og miljøorganisasjonar er «skeptiske eller imot» prosjektet, at fiskeristyresmaktene tek atterhald for avbøtande tiltak og at fiskeriorganisasjonane er «skeptiske». Det vil gå fram av detaljert gjennomgang seinare i notatet at desse høyringspartane ikkje kan oppfattast annleis enn at dei uttrykker ei eller anna grad av direkte motførestillingar. Dei fleste går klart og utvetydig imot utbygging. Sterkast kjem dette til uttrykk frå Havforskningsinstituttet (plassert blant interesseorganisasjonane!) som seier i klare ordelag at om utbygginga kjem i konflikt med gyteområda og reproduksjon for sild, vil ringverknadene kunne bli «formidable».

«3.4.5 Naturvernloven

- *Dersom anlegg berører områder vernet etter naturvernloven må eventuell dispensasjon fra vernebestemmelsene avklares med vernemyndighetene, dvs. Møre og Romsdal fylke.»*

NOF merknad: Vernestyresmaktene kan ikkje gje dispensasjonar for tiltak som er i strid med verneføremålet. Slike spørsmål krev i beste fall endring av kongeleg resolusjon.

«Møre og Romsdal fylke

- *Konkluderer med følgende:*
- *Havsul I: Dersom det skal åpnes for vindkraftutbygging i fylket, bør det bli avgrenset i første omgang til Havsul I. Det må bli lagt til grunn at størst mulig turbinstørrelse blir valgt fordi konfliktnivået øker med antall møller.*

NOF merknad: «Dersom ..» uttrykker eit klar atterhald og kan i alle fall ikkje utan vidare oppfattast som at høyringsinstansen er «positiv» til prosjektet.

«Fylkesutvalet i Møre og Romsdal:

- 5. Havsul I: Havsul I synest å medføre mindre arealkonfliktar enn Havsul II, som er det mest arealkrevjande prosjektet. Skal det opnast for utbygging til havs vil fylket rå til at dette i første omgang blir avgrensa til Havsul I. (Tilstøytande Steinshamn vindpark bør då ikkje bli bygd ut, jamfør også tematiske konfliktvurderingar). Vidare må det bli lagt til grunn at størst mogleg turbinstorleik blir valt. Etter som konfliktnivået aukar med talet på møller, bør alternativet med 3 MW møller ikkje akseptast.

NOF merknad: «Skal det opnast ..» uttrykker eit tilsvarande atterhald som for fylket.

«Riksantikvaren:

- *Utredningene viser at det er store negative konsekvenser i forhold til landskap, kulturminner og kulturmiljø for alle tre vindparkene. Riksantikvaren fraråder at det blir tildelt flere konsesjoner for offshore vindkraftanlegg samtidig. Dersom det gis konsesjon til ett av anleggene, må det gjennomføres grundige for- og etterundersøkelser for dette prosjektet før andre offshore-anlegg blir aktuelle. Av de omsøkte prosjektene vurderer Riksantikvaren at bygging av Havsul I vil gi minst negative konsekvenser i forhold til kulturminner, kulturmiljø og landskap, og kan anbefale en konsesjon til denne, forutsatt at de andre prosjektene blir lagt til side.*

NOF-merknad: Riksantikvaren understrekar store konfliktar, frårår at det blir gitt fleire konsesjonar, og tek tilsvarande atterhald som dei førstnemnde høyringspartane.

«Fiskeridirektoratet, region Møre og Romsdal

Konklusjon

- *De går i mot vindkraftverkene blant annet fordi det i konsekvensutredningen antydes at det ved lagte kabler på bunnen ikke kan fiskes/overtråles og at det er ønskelig med en fiskeforbudssone på 75 meter til hver side av kablene. Fiskeridirektoratet kan ikke godta at så store sjøareal blir beslaglagt.*
- *Dersom søker får gjennomslag for slike fiskeforbudsoner ved bunnlagte kabler så kan den ytterste konsekvens bli at hele de store vindparkområdene og traseene for landnettilknytning kan bli dekket av store sikkerhetssoner med forbud mot trålkaktivitet/fiske, taretråling og fiskeoppdrett/havbruk.»*

NOF merknad: Fiskeridirektoratet går klart imot vindkraftverka, har ikkje berre føresetnad om avbøtande tiltak.

5.1.2 «Interesseorganisasjoner og andre faginstanser

Havforskningsinstituttet

Kom med høringsuttalelse 08.06.06.

- *De mener at utredningene i forhold til de store vandrende bestandene av sjøpattedyr og deres betydning er lite vektlagt. Videre mener de at deres økonomiske betydning og innvirkning på områdets unike økologi er lite vektlagt inklusiv mulighetene for eventuelle dominoeffekter. Havforskningsinstituttet anser ikke arealokkupasjon som*

en betydelig trussel, og mener at betydningen for vandrende sjøpattedyr er usikker. De antar at effekten av visuell stimuli fra vindturbinene til å være liten for liv under havflaten. Pattedyr kan være utsatt, men effektene er lite undersøkt. Havforskningsinstituttet mener dette bør undersøkes nærmere.

- *Effekter av lyd fremheves som det mest mangelfulle i utredningen. Kunnskapen på dette fagområde er spredt og teknologisk er det vanskelig å hente inn noe av denne nøkkelinformasjonen. Sett i forhold til de store bestandenes betydning synes de det er betenkelig å påvirke nøkkelområder med lydstimuli når en per dags dato ikke kjenner virkningen av.*
- *Havforskningsinstituttet skriver at det er gjort et stort utredningsarbeid i forbindelse med tiltaket og mye av arbeidet synes grundig og relevant. Imidlertid mener Havforskningsinstituttet at det er eksempler på at utrederne lar mangel på kunnskap gå i utbyggernes favør og de skriver at dette står i kontrast til føre-var - prinsippet i forvaltningen. Et eksempel er håndteringen av lydbildet fra vindmøllene. Havforskningsinstituttet anser dette som det mest kritiske fordi virkningen på de store migrerende bestandene er ukjent.*
- *Dominoeffekten på økosystemene både på kysten og ut i havet, for eksempel dersom sildegytingen blir skadelidende, er formidable både for systemenes funksjon og for fiskeriene. Havforskningsinstituttet mener at det her trengs en grundigere anelse og trolig betydelige feltundersøkelser for å gi tilfredsstillende svar.»*

NOF merknad: Det er uråd å skjønne at NVE tydelegvis ikkje kan ha oppfatta budskapet i dette høyringsinnspillet og at det ikkje er funne verdt å ta med i samandrag av høyringane.

«Møre og Romsdal fiskarlag:

- *NVE implementerte i sine utredningskrav til Havgul AS blant annet en rekke innspill fra Sunnmøre og Romsdal Fiskarlag om å få belyst konsekvensene for fiskerinæringa. Møre og Romsdal Fiskarlag kan ikke se at konsekvensene for fiskerinæringa er grundig nok utredet og konsekvensutredningen inneholder en rekkefeil og mangler som kan tyde på at det har foregått et hastverksarbeide.*
- *Det foreligger ingen nasjonal plan for utbygging av vindmøller. I dag kan i prinsippet hvem som helst søke om konsesjon for utbygging og dermed kan store arealer bli ødelagt. Møre og Romsdal Fiskarlag anmoder myndighetene om å snarest skaffe seg en total oversikt over energibehovet i Norge for fremtiden, samt å utarbeide en samlet strategi for hvordan dette energibehovet skal dekkes. Hvis offshore vindmøller er en del av denne strategien må en nasjonal plan for plassering av vindmøllene komme på plass før det gis noen tillatelser for utbygging.*
- *Det er Møre og Romsdal Fiskarlag sin oppgave å påse at fiskeriene i området blir minimalt skadelidende uansett inngripen i havmiljøet. På bakgrunn av den totale vurdering av konsekvensutredningen til Havgul AS vurderer derfor Møre og Romsdal Fiskarlag det som uforsvarlig å kunne støtte utbyggingen av Havsul I, Havsul II og Havsul IV. Møre og Romsdal Fiskarlag vil derfor tilrå NVE om å avslå konsesjonssøknaden til Havgul AS Møre og Romsdal Fiskarlag vil også be NVE om at*

omfattende hørings saker som dette i fremtiden blir gitt lengre behandlingstid hos høringsinstansene, helst 6 måneders høringsfrist.

- *For øvrig tilsuttrer styret i Møre og Romsdal Fiskarlag seg vedtak fattet Landsstyret til Norges Fiskarlag sendt NVE i brev av 10.05.06.»*

NOF merknad: Fiskarlaget går klart og utvetydig imot utbygging og treng ingen ytterlegare merknad.

«Norges Kystfiskarlag, avdeling Sunnmøre

- *Gav høringsuttalelse i brev av 06.03.06. På årsmøtet kom de enstemmig frem til at vindkraftverkene ikke er en troverdig løsning på energiunderskuddet som fylket står over for. De mener at så store utbygginger ikke bør ikke finne sted før en fullstendig plan for vindkraftutbygging i fylket er på plass og at vindkraftverk må etableres i nær tilknytning til den energikrevende industri for å ikke belaste og til dels forsøple utenforstående område og miljø. Norsk Kystfiskarlag stiller spørsmål til om tiltaket kan regnes som anlegg som produserer miljøvennlig rein energi, da mener dette er en direkte forsøpling av de berørte områdene. De skriver videre at tiltaket i seg selv er en vesentlig restriksjon på de fleste fiskeriaktivitetene i området. Konsekvensutredningen for "Fiskeri og havbruk", mener de er lite troverdig. Telefonrunde til et utvalgt personer, samt gjennomgang av merkeregisteret for fiskefartøy i to kommuner som hovedgrunnlaget for utredningen mener de er for dårlig. Dette er områder som er viktige for kystfiske av fartøy langt utover de som er kommer fra i Giske og Haram kommune.»*

NOF merknad: Klar og utvetydig fråsegn som går imot vindkraftverket.

«Romsdal Kystlag

- *viser i høringsuttalelse 14.05.06 til tidligere høringsuttalelse til meldingen hvor de skrev at de går i mot planene og ba om at sakene ble stoppet til et vedtak om samlet plan var på plass. Romsdal kystlag går mot all vindmølleutbygging på kysten til en samlet plan er på plass. De er overrasket over at følgende hensyn ikke er tatt med videre i prosessen:*
 - Framlegget til Verneplanen for hekkende sjøfugl*
 - Nasjonal Turistveg lar seg ikke kombinere med vindturbiner*
 - Miljøverndepartementets Verdiskapingsprogram "Bud - Kristiansund"*
 - Atlanterhavsvegen som ble kåret til "Århundrets Byggverk"*
- *Romsdal kystlag viser til at det også er andre uønskede naturinngrep som følge av turbinene. Kraftledningen over Gossen, sjøkabel nord på Gossen og til Nyhamna, og over Sandblåst, Gaustad og Godalsvatnet nevnes.»*

NOF merknad: Går klart og utvetydig imot utbygging, sjølv om dei også krev samla plan.

«Den Norske Turistforening (DNT)

- Kom med høringsuttalelse den 15.05.06. *De skriver at de er sterkt imot Havsul I, II, og IV. På grunn av sitt omfang vil planene etter deres mening bidra til visuell forøpling av Mørkekysten. Landskapskvaliteter, hensynet til friluftsliv og ikke minst turisme/reiseliv som er sterkt naturbasert bør veie tyngst. Det er både lokale, regionale og nasjonale reiselivsinteresser som kan gå tapt dersom planene blir realisert. Det fremgår ikke av utredningene hvilke samfunnsmessige konsekvenser dette kan få, og denne usikkerheten er etter DNTs mening for stor og for lite dokumentert. De understreker at Norges ansvar for artsmangfoldet, og at de forventede negative konsekvenser planene har for sjøfugl er så godt dokumentert at dette i seg selv tilsier at planene bør skrinlegges.»*

NOF merknad: Går sterkt imot utbyggingsplanane.

«Norsk Ornitologisk Forening (NOF)

- kom med høringsuttalelse 23.06.06. *De går i mot alle de tre Havsul prosjektene både samlet og vurdert hver for seg. Dette vurdert spesielt i forhold til de naturfaglige verdiene og funksjonene, særlig med tanke på forekomstene av hekkende, trekkende, fjærfellende og overvintrende fugl langs denne kyststrekningen. En utbygging her vil bli plassert midt i ett av de aller mest konsentrerte og viktigste fugleområdene på norskekysten.»*

NOF merknad: Går sterkt imot utbyggingsplanane.

«Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO)

- Merknader til søknadene Etter FRIFOs vurdering er omfanget av det tre søknadene så store og omfattende at det er vanskelig å ta stillingen til disse som enkeltprosjekter. De vet også at det er mange andre som også har planer for vindmølleparker i disse kystområdene. Summen av alle disse planene vil kunne få svært negative konsekvenser blant annet for landskap, biologisk mangfold og friluftsliv. FRIFO er derfor bekymret for effekten av alle disse inngrepene uten at disse sees i en helhetlig sammenheng. *FRIFO mener derfor at det ikke bør gis en eventuell konsesjon til utbygging av disse tre enorme anleggene (og andre anlegg) før det er utarbeidet/gjennomført:*
 - *Nasjonale retningslinjer for utbygging av vindkraft.*
 - *Helhetlige konfliktvurderinger som definerer ja- og nei-områder.*
 - *En helhetlig nasjonal plan for vindkraft som bygger på de nasjonale retningslinjene og konfliktvurderingene.»*

NOF merknad: Går klart imot, men krev og heilskaplege planar for vindkraft.

«Natur og Ungdom og Zero (NU/ZERO)

- kom med felles høringsuttalelse den 18.05.06. *De skriver at Havsul IV vil ha for store konsekvenser for naturmangfoldet til å kunne bygges ut. For Havsul I og II er det nødvendig med tilleggsutredninger for å få kartlagt naturmangfoldet i planområdet bedre og for å få mer kunnskap om hvilke andre områder som kan brukes av fugler*

som driver næringsøk i planområdet. NU/ZERO krever også at det settes opp testmøller for å få mer kunnskap om vindmøllenes påvirkning på de forskjellige fugleartene.

- *Fugl*
NU/ZERO skriver at *utredningene for Havsulprosjektene ikke gir sikre nok svar på om hele eller deler av Havsul I og II kan bygges ut. Det er særlig kritisk for alkefugl og lomvi, som har viktig næringsøkområde i planområdene for Havsul I og II. Det foreligger i dag ikke kunnskap om disse fuglene har tilstrekkelig næringsøkområder utenfor de planlagte parkene. Det ikke er foretatt kartlegginger/tellinger av fugl i tilstrekkelig grad både i og utenfor planområdet, verken i konsekvensutredningene til Havgul eller i annen kartlegging av fuglenes atferd. Kartlegging og telling må gjennomføres i større omfang enn det som er gjort i dag før det er forsvarlig å vurdere konsesjon til Havsul I og II*

NOF merknad: Går imot å gje konsesjon på søknadsgrunnlaget, særleg av omsyn til fuglefjellsfugl. Viktig å merke seg, for dei to organisasjonane var på dette tidspunkt generelt svært positive til vindkraftutbygging.

«Norges Miljøvernforbund

- *Kom med høringsuttalelse 15.05.06. Miljøvernforbundet kan ikke anbefale noen av de aktuelle prosjektene av følgende grunner:*
Havsul I
- *Planområdet er næringsområde for bl. a. havsuler og alkefugler fra Runde, og et spesielt viktig område for rødlisteartene lunde og lomvi. Lomvi er klassifisert som en sårbar art. KU konkluderer med stor til meget stor konflikt med fuglelivet. Linjetraseene vil gå gjennom flere områder med rikmyr som er en prioritert naturtype. Kraftlinjene vil også berøre områder med rødlistearter f.eks. havørn. 2 av 3 alternative turbinstørrelser eller lokaliseringen er i KU vurdert til å ha store negative konsekvenser for kystlands*

NOF merknad: Går imot utbygging.

«Landsorganisasjonen Stopp rasering av Kysten

- *Skriver i brev av 27.06.06 at til tross for at det er lagt ned betydelig arbeid på konsesjonssøknaden inneholder den mange påstander som ikke har saklig grunnlag, og noen vesentlige feiltakelser. Stopp rasering av Kysten mener at ulempene med prosjektene er så store at konsesjonssøknaden må avslås*
- *Stopp rasering av Kysten mener beskrivelsen om vindressursene mangler informasjon om ekstreme værforhold, for eksempel orkanen i 1991, og skriver at en orkan kan føre med seg avbrutte vingebled over store avstander - noe som kan være en alvorlig sikkerhetsrisiko. Havgul AS bruker 15 km som influensområde. Stopp rasering av Kysten mener at denne må settes til minst 35 km.»*

NOF merknad: Går imot utbygging.

«Ålesund-Sunnmøre Turistforening

- **Støtter** i brev av 20.06.06 Den Norske Turistforenings uttalelse av 15.06.07»

NOF merknad: Går imot utbygging.

«Norges Naturvernforbund - Møre og Romsdal

- Kom med høringsuttalelse 22.05.06. De skriver at konsekvensutredninger på mange måter er klargjørende, men **manglete forskning på fugl og manglende samlet plan for vindkraft, gjør at de er i mot utbyggingen**. Imidlertid vil ny forskning kunne føre til at utbygging på et senere tidspunkt kanskje kan være mulig.

Havsul I

- Naturvernforbundet mener at **det ikke må bli bygd møller i gruntvannsområdet omkring Ekneskjæra (innenfor lokalitet 1), nordøst for Havsteinen, ved Håfmnen og utenfor Leiskjæra. Dessuten må beiteområdene for havsule og alkefugl få være i fred.**

NOF merknad: Går klart imot utbygging, men gjer atterhald for kunnskap frå ny forskning og ein samla plan for vindkraft.

«Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal

- Kom med høringsuttalelse 19.05.06. De er i utgangspunktet positiv til alternative miljøvennlige energikilder, men påpeker at **planene om offshore vindkraft har et stort omfang, og vil medføre endringer i gruntvannsområder som er godt egnet til jakt og fiske. De stiller seg derfor i mot planene.**

NOF merknad: Går imot utbygging.

«Nordmøre og Romsdal Friluftsråd

- Kom med høringsuttalelse 15.05.06. **De er i mot at det bygges vindturbiner i havet på gruntområdene langs kysten**. Friluftsrådet vil at staten tar ansvaret med å lage en samlet plan for vindkraftutbygging. Dette bla etter sterk oppfordring fra Fylkestinget i Møre og Romsdal og flere andre. De kan pr i dag under tvil akseptere ett av de omsøkte vindkraftverkene og det er på Haramsøya. **De går i mot vindturbiner til havs av følgende grunner;**
 - **Vindkraft er en teknologisk nyskaping der det ennå er langt fram til lønnsomhet og en er avhengig av subsidier**
- **Det visuelle gir en forsøpling av den spesielle kysten - reiseliv og natur**
 - **Marinarkeologi og et ukjent antall skipsvrak**
 - **Ulempene for fisk og yngelområde i gruntvannet langs kysten**
 - **Ulempene for dyre- og fugleliv**
 - **Ulempene for jakt og fiske**
 - **Ikke klargjort ansvar for etterbruk og opprydding ved eventuell konkurs.»**

NOF merknad: Går imot utbygging.

«NHO Reiseliv Midt-Norge

- Er i brev av 15.05.06 *sterkt bekymret for de planer som foreligger. De mener det kan gi meget store negative konsekvenser for reiselivsnæringen lokalt, regionalt og nasjonalt. De planene som det er søkt konsesjon for, vil gi opphav til en meget stor næringskonflikt og konsekvensene for reiselivsnæringen er så stor at konsesjonssøknadene»*

NOF merknad: Går imot utbygging.

«Aksjonsgruppa mot Havsul i Sandøy kommune

- Skriver i brev av 10.10.2006 at de kjemper for å bevare kystnaturen. *De viser til kommunens syn på Havsul prosjektet som de mener har oversett befolkningens ønske. De viser her til folkeavstemning i andre kommuner der det er gitt nei.*
- Aksjonsgruppa ber om at NVE viser bedre evne til å lytte til befolkningen i Sandøy og hva de mener om Havsul prosjektet. *Etter deres syn må det også tas hensyn til folket og naturen.»*

NOF merknad: Må oppfattast som å vere imot utbygging.

«Offshore Vindenergi

- Skriver i brev av 11.05.2006 at konsesjonssøknaden oppgir (med tanke på optimal produksjon) en avstand på 4,4 x rotordiameteren mellom turbiner i samme rekke; tilsvarende 530 meter ved 4,5 MW turbiner, og 5,5 x rotordiameteren mellom de ulike rekkene; tilsvarende 660 meter mellom de ulike rekkene. Etter gjensidig tilpasning ligger Havsul I og Steinhamn Vindpark helt inntil hverandre.

NOF merknad: Ikkje uttrykt spesiell oppfatning av problemstillingane, men må oppfattast å vere positiv til utbygging sidan dei hadde eigne planar om vindkraftverk i naboområdet.

«FMC Biopolymer AS (FMC)

- Skriver i brev av 12.05.06 at de har tatt initiativ til informasjonsmøte med Havgul AS. De kommer med uttalelse som hovedaktør innen tareneringen i Norge. *For FMC er det kritikkverdige at de beskriver taretråling som den aktivitet som kommer i størst konflikt med de planlagte vindkraftverkene. Det er etter deres mening vindkraftverkene som kommer i konflikt med taretrålingen som de har drevet med i 40 år.*
- *FMC mener tallene som oppgis i beskrivelsen av konfliktpotensialet er misvisende fordi de ikke er basert på praktisk kunnskap om taretråling. Det er oppgitt at 2,9 kvadratkilometer er ekskludert for taretråling for Havsul I. Dette utgjør 7,9 prosent av vindparkens totale areal. Tilsvarende tall for Havsul II og IV er henholdsvis 4,8 prosent og 6,3 prosent. De viser til møtet mellom Havgul og taretrålerne der det kom frem at vindkraftverk med kabler i praksis vil umuliggjøre taretråling i hele området. De mener det må beregnes 100 prosent utestengning istedenfor de minimumstall som er angitt i konsekvensutredningene.*

NOF merknad: Høgst relevant merknad frå FMC Biopolymer AS. Det er vindkraftverket som kjem i konflikt med etablerte og eksisterande aktivitetar og funksjonar!

Andre

I tillegg til desse har ni privatpersonar sendt inn høyringsfråsegn, åtte av dei negative til planane, den siste positiv til vindkraft som alternativ, men ikkje til Havsul I.

5.3 Tematiske konfliktvurderingar

«Resultatene for Havsul I offshore vindkraftverk er som følger:

Direktoratet for Naturforvaltning og Riksantikvaren har i brev 20.09.06 gitt vurdert Havsul I til en D. I vurderingen sies følgende:

- *"Stor konflikt med naturmiljø. Planområdet er del av større gruntvannsområde som er svært viktig for en rekke sjøfuglarter, hvorav flere rødlistearter, både sommer og vinter.*
- *Stor konflikt med kulturminner og kulturmiljø på Uksn og Fjørtofta, og stort potensial for funn av og konflikt med verdifulle kulturminner under vann.*
- *For temaet naturmiljø er det gitt delkarakteren D og i vurderingen sies det: "Funksjonsområder for fugl får forringet verdig. Barriereeffekter, kollisjoner. Forventet negativ effekt på sjøfuglbestander"*
- *For temaet kulturmiljø og kulturminner er det gitt delkarakteren C og i vurderingen sies det: "Visuell påvirkning av kulturmiljø på avstand, potensial for direkte konflikt med automatisk freda kulturminne ved kraftlinjetraseer, særlig kabling. "*
- *For temaet landskap er det gitt delkarakteren D og i vurderingen sies det: "Vindkraftanlegget vil fjerne fokus fra dagens landemerker som Ona fyr, og vil oppta en stor del av synsfeltet mot havet".*

Det vises til at det er overlappende visuell influenssone med eksisterende og planlagte vindkraftverk.»

NOF merknad: Det er ikkje vurdert andre tema enn miljøvern/kulturminnevern og forsvar, og det er derfor påfallande at ikkje tema som gjeld marinøkologi og fiskeri er temavurderte i det heile, med problemstillingar som burde vere dei mest sentrale og tungtvegande i eit heilskapsperspektiv og som og i sterk grad er basis også for store delar av det som gjeld miljøfaglege konfliktvurderingar.

«5.4 Status i henhold til annet lovverk

5.4.2 Kulturminneloven

- *Det er ikke gjennomført registreringer i henhold til kulturminnelovens § 9 i planområdet. Tiltakshaver ønsker å avvete til det er fattet konsesjonsavgjørelse og når mer detaljerte planer for tiltaket foreligger.*

5.4.4 Naturvernloven

- *Tiltaket berører ingen områder som er vernet eller foreslått vernet i medhold av naturvernloven. Havsul I ligger inntil et området som er sto på bruttolista for marin verneplan. Dette området ble tatt ut av det endelige verneforslaget.»*

NOF merknad: I samsvar med det som er sagt tidlegare, er det her tydlegvis avgrensa til areal med overlappende arealbrukskonflikt. Isolert sett og i høve til naturvernlova som var gjeldande på det tidspunkt som NVE gjorde sitt konsesjonsvedtak, er det mogleg at det strengt juridisk og formelt var haldepunkt for å vurdere det slik, men den nye naturmangfaldslova hadde vore under utgreiing og sakshandsaming og vart lagt til grunn for klagehandsaming av konsesjonsvedtaket i OED, og med dei krav som NVE sjølve stilte for konsesjonsutgreiingane i KU-programmet, burde det ha vore naturleg å knyte vurderingane i høve til naturvernlova opp mot kravet om å vurdere effektane av ei utbygging, både direkte og indirekte og det som var vurdert i fagrapportane for konsesjonsutgreiingane. Den reint fysiske avgrensinga i høve til denne problemstillinga går klart fram av korleis planområdet for Havsul I er avgrensa, der den tidlegare kommunegrensa mellom Sandøy og Haram er følgt, både for planområdet for Havsul I på nordsida og det som vart definert som aktuelt marint verneområde på sørsida. Ei slik administrativ, geografisk grense er sjølvstilt ikkje barriere mellom konflikt/ikkje-konflikt i høve til reelle miljøkonfliktar.

«6. NVEs vurdering av konsekvensutredningen for Havsul I offshore vindkraftverk

Konsekvensutredningene skal være beslutningsrelevante, det vil si konsentrert om de spørsmål det er viktig å få belyst for å kunne ta stilling til om tiltaket skal få konsesjon eller ikke, og om hvilke vilkår det skal settes i en eventuell konsesjon.

-
- *NVE konstaterer at følgende instanser finner konsekvensene tilfredsstillende utredet eller i hovedsak tilfredsstillende utredet: Sandøy kommune, Møre og Romsdal fylke, Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren.*
- *NVE konstaterer at følgende instanser mener at det bør gjøres ytterligere utredninger av konsekvensene for deres interesseområde: Kystverket, Avinor, Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal, Norges Fiskarlag, FMC Biopolymer, Norsk Ornitologisk Forening, Natur og Ungdom/ZERO, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal.»*

NOF merknad: NVE legg sjølv til grunn at KU skal vere «beslutningsrelevante», altså konsentrert om spørsmål som er viktige for å kunne ta stilling til å gje konsesjon eller ikkje. NVE understrekar såleis kor viktig det er at kunnskap for å kunne gje svar på dette essensielle spørsmålet er tilgjengeleg. Det er nettopp det som også er grunnlaget for NOFs og ei rekkje andre høyringspartar si etterlysing av betre og meir beslutningsrelevant kunnskap. For NOF var og er hovudspørsmålet ikkje kor vidt der var «eksisterande dokumentasjon», men langt meir kvifor ikkje all eksisterande, beslutningsrelevant kunnskap var teken i bruk. Etter at konsesjon er gitt og omsett i tiltak, har ikkje vilkår eller for- og etterundersøkingar relevans for det grunnleggande spørsmålet om konsesjonsvedtak. Er denne grensa passert, har vilkår berre relevans for eventuelt å ta vare på restverdiar i og kring det aktuelle tiltaksområdet.

«6.1 Utredningsprogrammets oppbygning og innhold

- **Norsk Ornitologisk Forening** mener det er uheldig å bruke utredningsprogram for terrestriske miljø for de problemstillinger som reises ved vindkraftanlegg i åpent hav. NOF viser til de forundersøkelser gjøres i andre land er av et helt annet omfang.
-
- Det er etter NVEs syn også viktig å skille mellom utredninger som kreves for å gi tilstrekkelig informasjon som bakgrunn for et konsesjonsvedtak, og **undersøkelser for å kartlegge de reelle effekter av en vindkraftutbygging, såkalte for- og etterundersøkelser.**
- NVE er av den oppfatning at utredningsprogrammet omhandler de nødvendige tema og har et detaljeringsnivå som er tilstrekkelig for å få belyst vesentlige virkninger av offshore vindkraftverk, og ser ikke behov for å utrede andre tema enn de som går frem av utredningsprogrammet.»

NOF merknad: Foreninga har ikkje sett på Havsul I som eit anlegg i ope hav, men definitivt eit kyst- og skjergardsanlegg. Gjennom det faktum at konsesjonen er gitt etter energilova har NVE sjølv stadfesta dette formelt. Nettopp derfor er det viktig å få belyst konsekvensane av ei utbygging ut frå effektar og ringverknader i eit kyst- og marinøkologisk perspektiv og som på vesentlege felt har heilskapsverknader med betydeleg større rekkevidde enn på landjorda. Derfor møter NVE seg sjølv i døra når dei ikkje er i stand til å sjå kva KU-programmet eigentleg inneber når det set krav om å kartlegge og klarlegge *effektane* av ei utbygging på bl.a. verna og foreslått verna område, *indirekte* og *direkte*.

«6.4 Fugl

- **Norsk Ornitologisk Forening (NOF)** har gjennom to uttalelser tatt til orde for at **faktagrunnlaget som ligger til grunn for utredningene og konklusjonene i disse ikke er gode nok.** NOF mener imidlertid at det ikke trengs ytterligere utredninger for å fastslå at **lokaliseringen av Havsul-prosjektene er uakseptabel av hensyn til sentrale miljøverdier og ut fra både nasjonale miljømål og internasjonale miljøforpliktelser.**
-
- Etter NVEs syn er områdetets betydning for fugl og konfliktpotensialet tilstrekkelig beskrevet i foreliggende materiale, både gjennom konsekvensutredning og innkomne merknader, og NVE vil ikke kreve ytterligere utredninger. **NVE konstaterer samtidig at det synes vanskelig å gi sikre konklusjoner på faktiske virkninger, noe både utredning og ikke minst innspill fra NOF med tydelighet viser. Ytterligere kunnskap vil en først kunne få når et vindkraftverk eventuelt er etablert og det gjøres miljøoppfølgingsundersøkelser.»**

NOF merknader: For første kulepunktet er, som før nemnt, ikkje først og fremst spørsmål om å skaffe ny kunnskap, men å ta i bruk «eksisterende dokumentasjon». Når så NVE kommenterer at det syns vanskeleg å gje sikre konklusjonar på faktiske verknader, så skulle føre-var-prinsippet utan vidare leggst til grunn, også for NVE i sjølve konsesjonsvedtaket, og definitivt så når OED la den nye naturmangfaldlova til grunn for klagevedtaket, der § 9 lovfestar dette omsynet.

«6.5 Marin fauna

- *Havforskningsinstituttet peker i sin uttalelse på at virkningene av lydbildet fra vindturbinene synes usikkert, og det vises til de store migrerende bestandene av fisk og sjøpattedyr. Det vises blant annet til at effekter av lyd er lite utredet. Norges Fiskarlag ønsker mer utredning om hvordan støy vil kunne påvirke fiskeatferd, både for stasjonære og migrerende arter. Det ønskes også utredninger av eventuelle endringer i økosystemet og fiskbare bestander. I den forbindelse ønskes erstatningskrav utredet. En ønsker også utredning av hvordan lyd fra vindturbinene vil påvirke hval. Fagutreder har i notat til Havgul AS av 24.05.07 kommentert merknadene fra blant annet Havforskningsinstituttet og gitt utfyllende vurderinger knyttet til virkninger av lyd fra vindturbiner i sjø*
- *NVE ser ikke at ytterligere utredninger på dette stadiet kan gi vesentlig mer informasjon om virkninger enn det som foreligger gjennom konsekvensutredning, rapporter og høringsuttalelser, men legger til grunn at dersom det gis konsesjon til vindkraftverk til havs bør det gjennomføres undersøkelser som kartlegger eventuelle konsekvenser for spesielt fisk under norske forhold.»*

NOF merknad: Det er naudsynt å minne NVE på sine egne krav til at konsekvensutgreiinga skal ha beslutningsrelevans for kor vidt det skal gjevast konsesjon eller ikkje. Når direktoratet ikkje evnar å sjå rekkevidda av moglege effektar av eit vindkraftverk for dei viktigaste fiskeslaga i våre farvatn, slik Havforskningsinstituttet konsentrerer det i klartekst i sitt innspel, kan ikkje konsekvensutgreiing og høyring ha vore tilstrekkeleg for å gjere det viktigaste og avgjerande vedtaket, nemleg kor vidt det skal gjevast konsesjon. Om det er så å forstå at eitt av motiva for å bygge vindkraftverk i sentrale funksjonsområde for våre viktigaste fiskeslag er å kunne klarlegge konsekvensar for fisk under norske tilhøve, er det i tillegg behov for å etterlyse ansvaret for heilskapleg vurdering i eit samfunnsperspektiv.

«6.6 Friluftsliv og reiseliv.....»

- *Friluftslivets fellesorganisasjon mener at det ikke bør gis konsesjon til disse og andre vindkraftverk før det er utarbeidet nasjonale retningslinjer for vindkraft, helhetlige konfliktvurderinger som definerer ja og nei områder, og en nasjonal plan for vindkraft. Nasjonale retningslinjer er nå utarbeidet av Miljøverndepartementet og Olje- og energidepartementet. Når det gjelder tematiske konfliktvurderinger viser vil til kapittel 3.2 og 5.3. NVE viser i den forbindelse til at det skal gjennomføres en evaluering av de erfaringer man nå har med tematiske konfliktvurderinger som virkedermiddel i konsesjonsprosessen. Videre tar NVE til etterretning at Stortinget ved flere anledninger, senest 01.04.08 har avvist å lage en nasjonal plan for vindkraft. NVE har ikke fått innspill som tilsier at det ønskes ytterligere utredninger på friluftsliv i tilknytning til Havsul I som prosjekt. NVE vurderer at de utredningene som er gjort gir et tilfredsstillende bilde av friluftslivsaktiviteten og konsekvenser ved en utbygging av vindkraftverk*
-»

NOF merknad: FRIFO sitt høringsinnspel må utan vidare oppfattast som å gå imot planane.

«6.7 Fiskeri og havbruk

- *Både fiskerimyndigheter og fiskeriorganisasjoner mener at fremlagte utredninger ikke er tilfredsstillende. Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal mener at utredningen ikke er tilfredsstillende i forhold til vurdering av mulige konflikter for tråling.*
-
- *FMC Biopolymer representerer taretrålingsinteresser og mener at beskrivelsen av konsekvenser for næringen er misvisende.»*

NOF merknad: Jamfør tidlegare merknader om vektlegging av marinøkologi og fiskeri.

«6.15 Konklusjon

- *NVE anser utredningsplikten som påhviler Havgul AS gjennom utredningsprogrammet, som oppfylt.»*

NOF merknad: Ut frå merknadene i samband med temagjennomgang, høyringsinnspel og NVE sine vurderingar, meiner NOF at det for fleire viktige tema er det vanskeleg å sjå at KU-programmet er oppfylt, både når det gjeld fagrapportar og i saksdokumenta frå NVE med sine vurderingar og konklusjonar. Fagleg sett alvorlegast er det for marinøkologi og fiskeri. I slik samanheng gjeld det og kyst- og sjøfugl gjennom året, og den betydning kystnaturen, særleg skjergardsnaturen, har for mange andre interesser. Det gjeld definitivt også effektar for dei mange verneområda som er etablerte innafor dette kystavsnittet, der ei utbygging vil måtte få negative effektar på ein eller annan måte for svært mange av dei og der sumeffekten kan ventast å bli fatal.

«7. NVEs vurdering av konsesjonssøknaden for Havsul I offshore vindkraftverk

- *.....NVEs erfaring er at det oftest er de visuelle virkningene for landskapet og eventuelt for kulturminner og kulturlandskap, sammen med støy, som oppfattes som de største ulempene med et vindkraftverk.*
- *Virkningene av vindkraftverk for biologisk mangfold vil normalt være begrensede, og kan ofte unngås ved plantilpasninger eller andre avbøtende tiltak. Unntaket er mulige virkninger for fuglelivet. I vindkraftsaker stilles det alltid krav om å avklare artsinventaret og hvordan de ulike artene bruker planområdet. I tillegg skal det vurderes konkret hvilke mulige virkninger som tiltaket kan få for fuglelivet. met*
- *Generelt er virkningene for friluftslivet begrenset, og for reiselivet vil ofte virkningene være små. De største negative konsekvensene blir eliminert hvis vindkraftverket en gang i fremtiden tas ut av drift og vindturbinene fjernes.*
- *Etablering av vindkraftverk er etter NVEs vurdering i all hovedsak et reversibelt inngrep. Ved konsesjonsutløp skal vindturbinene fjernes og området istandsettes, dersom det ikke meddeles forlenget konsesjon.*

NOF merknad: NVE sitt ansvar i einskildsaker er å ta utgangspunkt i den aktuelle saka og dei omstende, omsyn og verdiar som gjeld der. Det burde vere sjølvinnlysande at når vi her står over for søknad om det første vindkraftverket planlagt på ytterkysten, bygt i fallgards- og skjergardslandskap i eitt av dei biologisk vurdert aller rikaste kystområda i landet, har det lite relevans å ta utgangspunkt i korleis NVE til no har vurdert problemstillingane for reint

terrestriske vindkraftverk, enten det er i vårt land, eller med referansar til utanlandske anlegg. Derfor må fokus frå første stund vere på kva for verdiar og utfordringar som er gjeldande for dette omsøkte området.

«7.2 Virkninger for natur og miljø

7.2.4 Biologisk mangfold

- *Nasjonalt og internasjonalt er det særlig fokus på mulige konsekvenser for fugl, både med hensyn til kollisjonsfare, nedbygging av viktige biotoper og forstyrrelse/fortrengning fra området.* Dette er et fokus en har hatt både for landbasert og havbasert vindkraft.
- havbasert vindkraft også for *marine pattedyr som sel og hval.*
- bunnlevende organismer og endring i biomasse har også ... for ... havbasert vindkraft.

Fugl

- *I fagutredningen sies det at områdets viktigste funksjon er som næringsområde for havsule og alkefugl fra fuglekoloniene på Runde. ikke er hekkeplasser for sjøfugl i planområdet, ..i influensområdet finnes egnede hekkeplasser. viktige myteområder for ærfugl.*
- *I konsekvensutredningen pekes det på at vinterbestandene av sjøfugl er dårlig kjent, supplerende feltundersøkelser av overvintrende sjøfugl ... 2006 for å supplere Undersøkelsene støtter de vurderingene som er gjort i konsekvensutredningen.*
- *I konsekvensutredningen vurderes det at de kumulative effektene for trekkende fugl og sjøfugl på næringstrekk fra koloniene på Runde vil bli av vesentlig betydning dersom alle omsøkte vindkraftverk i området Vigra-Sandøy bygges ut. trekkende fugl på vårtrekk sannsynligvis vil presses vest for vindkraftverkene og inn i en smal korridor mellom vindkraftverk på høsttrekk. ... vil kunne medføre unødig energibruk i en kritisk del av fuglenes årssyklus. For fugl tilknyttet Runde peker fagutreder på at mange næringsområder kan bli mindre attraktive, ...vil ha betydning i år med lite næring i alternative næringsområder.*
- *... naturmiljø er .. i tematiske konfliktvurderinger gitt delkarakteren D, og i vurderingen sies det: "Funksjonsområder for fugl får forringet verdig. Barriereeffekter, kollisjoner. Forventet negativ effekt på sjøfuglbestander"*
- *NVE konstaterer at fagutreder konkluderer med at Havsul I vil kunne få store negative konsekvenser for fugl. NVEs syn samtidig viktig at selv om det i konkluderes med at Havsul I vil gi store konsekvenser, så vil det være beheftet stor usikkerhet til de reelle virkningene for fugl av etablering av havbasert vindkraft utenfor Møre kysten.En har ikke erfaring med havbasert vindkraft i disse eller lignende områder, og usikkerheten blir .. underbygget gjennom konsekvensutredningen og innspill fra Møre og Romsdal fylke og DN. Det er flere utenforliggende faktorer som vil ha betydning for virkningene på fugl av å etablere Havsul I; klima- /værforhold, variasjoner i næringstilgang, alternative områder og menneskelig forstyrrelse.*

- *Etter NVEs vurdering er det åpenbart at områdene utenfor Mørekyten er viktige for fugl, både sjøfuglkolonier tilknyttet blant annet Runde, men også fordi det går store trekk langs kysten av Norge. Effektene på fugl er det imidlertid vanskelig å si noe om da en ikke har gode undersøkelser fra tilsvarende situasjoner. Konsekvensutredningen og flere innspill fra faginstanser viser til at etablering av Havsul I kan medføre konsekvenser for fugl som bruker området. Dersom det skal etableres vindkraft i områdene utenfor Mørekyten vil NVE slutte seg til innspillene fra DN og Møre og Romsdal fylke om at det bør gjøres for- og etterundersøkelser for å studere effektene av å etablere vindkraft i området*
- **NVE konstaterer at områdene utenfor Mørekyten er viktige for fugl, både for sjøfuglkolonier i regionen og for fugl på trekk langs kysten. Etter NVEs syn er det imidlertid vanskelig å si noe sikkert om de virkelige effektene, men NVE legger til grunn at etablering av Havsul I kan medføre konsekvenser for fugl som bruker området. Etter NVEs syn kan ikke mulige effekter på fugl alene være en grunn til å avslå konsesjonssøknaden. Dersom Havsul I etableres mener NVE det bør gjøres for- og etterundersøkelser for å studere effektene av å etablere havbasert vindkraft i området.**

Marin fauna

- *I konsekvensutredningen påpekes det at områdene er grunne og inneholder habitattyper som er blant de mest produktive og artsrike. Tilstøtende områder er av nasjonal betydning for både kysttorsk og vårgytende sild. Området er i følge konsekvensutredningen også viktig for sjøpattedyr. Det har stor tetthet av steinkobbe og niser ferdes her på vei inn Romsdalsfjorden. Nen hos fisk*
- *Fagutreder vurderer at området har høy økologisk status og middels til stor verdi.*
- *Flere tar opp usikkerhet knyttet til virkninger av lyd på fisk og hval. Flere ... tar også opp virkninger ... på fiskeriene. blir kommentert ... under temaet fiskeri og taretråling. Havforskningsinstituttet viser til at Mørekyten er et produktivt område med stor gyteaktivitet som høstes gjennom fiskeriene og NVE legger til grunn at etablering av Havsul I ikke vil medføre vesentlige endringer i den marine flora. ... arealokkupasjon og påvirkning fra lys har noen vesentlig betydning på faunaen i havet. Instituttet mener at virkninger for pattedyr bør undersøkes Det er effektene av lyd som instituttet mener det knytter seg størst usikkerhet til. lavfrekvent lyd har stor spredning. Basert på erfaringer fra blant annet Danmark med at fundamenter fungerer som kunstige rev, legger HI ... til grunn at stasjonær fisk vil venne seg til lydbildet. For migrerende bestander av fisk mer usikre. Havforskningsinstituttet skriver at det er vanskelig å innhente nøkkelinformasjon de mener at eventuelle virkninger på de økonomisk viktige bestandene vil være så store at det krever spesiell oppmerksomhet. lyd kan utløse fluktreaksjoner, usikkert hvordan endret lydbilde i det lavfrekvente området vil påvirke navigasjon- og kommunikasjonsevnen hos fisk.*
- *Det andre forholdet av betydning er hvordan lyd og særlig lavfrekvent lyd vil påvirke aktiviteten til de store migrerende bestandene av fisk langs Mørekyten.*

Gyteaktiviteten i området er grunnlag for fiskerier av stor økonomisk betydning. Bestandene utenfor Møre kysten har også en viktig økologisk funksjon.

- Havforskningsinstituttet viser i sin uttalelse til at Møre kysten er et produktivt område med stor gyteaktivitet som høstes gjennom fiskeriene og gir grunnlag for stor økonomisk aktivitet. ... antar ikke at arealokkupasjon og påvirkning fra lys har ... vesentlig betydning på faunaen i havet. Instituttet mener imidlertid at virkninger for pattedyr bør undersøkes nærmere. Det er effektene av lyd som instituttet mener det knytter seg størst usikkerhet til. Det vises til at lavfrekvent lyd har stor spredning.
- Selv om en legger til grunn at lyd kan oppfattes av fisk på flere kilometers avstand, så mener NVE at det ikke er grunnlag for å konkludere med at lyd fra vindturbiner vil ha en vesentlig negativ betydning for fiskebestandene som vandrer til havområdene utenfor Møre for å gyte. (???)
- **NVE konstaterer at når det gjelder virkninger på marin fauna er det effekter av lavfrekvent lyd fra vindturbiner på migrerende bestander av fisk det er beheftet en viss grad av usikkerhet til. For andre forhold anser ikke NVE at Havsul I vil ha noen vesentlige virkninger.»**

NOF merknad: For ei lang rekkje tema syner høyringsinnspela ei betydeleg overvekt av fråsegner som går imot at det skulle gjevast konsesjon for bygging av Havsul I. Av desse må likevel innspela frå fiskerifaglege side oppfattast som meir sentrale og fundamentale for å forstå det meste av dei andre innvendingane mot utbygginga. Særleg innspel frå havforskninga må takast på alvor, etter som det i stor grad er livet i havet og dei marine økosystema som er botn og basis for verdiane som vil unne bli skadelidande innafor ei rekkje andre tema. NVE vel openbert å sjå på desse innspela som behov for vilkår om effektstudier og førebyggjande tiltak, utan å sjå hovudbodskapan som ligg i sumkommentaren «Dominoeffekten på økosystemene både på kysten og ut i havet, for eksempel dersom sildegytingen blir skadelidende, er formidable både for systemenes funksjon og for fiskeriene.» Det er utruleg å vere vitne til at NVE openbert ikkje realitetsvurderer kva som ligg i innspela frå havforskninga, fiskerinæring og -forvaltning. Det kan definitivt ikkje vere akseptabelt at så fundamentale omsyn ikkje skal gjevast større vekt enn det NVE har gjort i denne saka.

«Flora

- **NVE legger til grunn at etablering av Havsul I ikke vil medføre vesentlige endringer i den marine flora.»**

NOF merknad: På kva kunnskap og ekspertise kan NVE tillate seg å legge dette til grunn?

«7.2.5 Verneinteresser

- Eksisterende verneområder ligger i øst og nord for Finnøya og Harøya og berøres ikke av planene om Havsul I. reservatene utgjør Harøya våtmarksystem og er Ramsarområder.
- Sveltingen ved Ona, er foreslått vernet verneplan for sjøfugl i Møre, .. berøres ikke ... Uksenøy ... inntil planområdet er .. på B-lista for marin verneplan, .. ikke foreslått vernet.

- **NVE konstaterer at verken eksisterende eller foreslåtte verneområder blir direkte berørt av planene for Havsul I.»**

NOF merknad: Som sagt før, KU-programmet krev at effektene, indirekte og direkte, på verneområde skal skildrast og vurderast. KU-programmet er ikkje oppfylt på dette punktet.

«7.3.4 Fiskeri og taretråling

- **Etter NVEs syn vil etablering av Havsul I medføre negative konsekvenser for taretråling og snurrevadfiske. NVE mener likevel at eventuelle ulemper ikke vil være avgjørende i forhold til om det skal kunne gis konsesjon for tiltaket . NVE forutsetter at det i forbindelse med videre behandling etter Havne- og farvannsloven utarbeides løsninger som i best mulig grad ivaretar interesser både til fiskerier, taretråling og sikker farbarhet i området.»**

NOF merknad: Med tilvising til tidlegare merknader kan KU-programmet sine krav ikkje vere oppfylte på dette punktet.

«7.3.5 Reiseliv

-
- **Etter NVEs syn er det lite trolig at etablering av Havsul I alene vil medføre en vesentlig endring for reiselivet i regionen på kort sikt. etter NVEs syn er det over tid vanskelig å isolere virkninger av vindkraft i en så konjunkturavhengig næring som reiseliv.**

11. NVEs samlede vurdering av søknad med konsekvensutredning for Havsul I

11.2.2 Mulige negative virkninger av Havsul I

... utbygging av Havsul I vil også ha virkninger for natur, miljø og samfunn som etter NVEs syn vil kunne medføre negative konsekvenser.

- **Dette er knyttet til visuelle virkninger og landskapsoppfattelse og i den forbindelse mulige konsekvenser for reiselivet .**
- **Videre vil vindkraftverket kunne få virkninger for fugl , både på trekk og sjøfugl som lever i områdene.**
- **Vindkraftverket vil ha direkte konsekvenser for taretrålingsvirksomheten.**

.... etter NVEs syn vanskelig å gi . eksakt vurdering vil avhenge av hvordan lokalbefolkning og tilreisende forholder seg til vindkraftverket .., **hvordan fugl vil tilpasse seg ...** og i hvilken grad en klarer å finne tiltak som reduserer ulemper for taretrålingen og fiskeri i området.

- **Etter NVEs vurdering er de visuelle virkningene den viktigste virkningen av tiltaket.** Det er de visuelle virkningene som har medført størst oppmerksomhet og gitt grunnlag for de fleste av de innspillene og merknadene ... i mot prosjektet . Etter NVEs syn er det subjektivt hvordan en forholder seg til vindturbiner i landskapet. Avstand. til land og bebyggelse er på nivå med andre havbaserte vindkraftverk i Sverige, Danmark og Storbritannia.

- *Et annet forhold som er tillagt vekt i konsekvensutredning og høringsuttalelsene er virkninger for fugl. Mørekysten er av stor verdi for fugl. Store kolonier av sjøfugl, fuglefjellet på Runde, hekker og bruker områdene til næringssøk, fjærfelling og overvintring. store trekk både vår og høst langs kysten og områdene utenfor Møre ... er viktige Det er vurdert i konsekvensutredningen at et eller flere vindkraftverk kan fa store negative konsekvenser for fugl og .. vises .. til kollisjonsrisiko, barriereeffekter ...og forstyrrelse i viktige områder for næringssøk, hekking og fjærfelling. Internasjonalt har det i lang tid vært oppmerksomhet rundt konsekvenser av vindkraft for fugl. NVE konstaterer at med så mye som 94.000 MW vindkraft installert på verdensbasis er det i svært få tilfeller at det er rapportert om vindkraftverk som har medført alvorlige konsekvenser for fugl på populasjonsnivå. Når det gjelder havbasert vindkraft er det ikke så mange erfaringer da det på verdensbasis kun er etablert i overkant av 20 vindkraftverk offshore. I Danmark ble det gjennomført et større miljøovervåkingsprogram tilknyttet vindkraftverkene Horns Rev og Nysted. Det internasjonale ekspertpanelet som bisto og kommenterte programmet sier at de overordnede resultatene sannsynligvis vil gjelde for andre havbaserte vindkraftverk, men at **en må være forsiktige med å generalisere resultatene** . Når det gjelder trekkmonster er resultatene fra de danske undersøkelsene entydige i at fugl på trekk, både dag og natt, trekker utenfor vindkraftverkene. Dette er også bekreftet i andre undersøkelser.... **NVE legger ... til grunn at en antakelig vil oppleve et tilsvarende mønster for vindkraftverk langs norskekysten**, etter NVEs syn ikke grunnlag for å si at økt energiforbruk ved at fugl må trekke rundt vindkraftverk generelt vil medføre et stort problem. Når det gjelder forstyrrelse for fugl som lever og bruker områdene i og nær Havsul I vil en kunne oppleve fortrenningseffekter, særlig i anleggsfasen. Om fugl vil vende tilbake til området i driftsfasen er avhengig av blant annet forstyrrelse i området og **om fuglene har alternative områder**. Erfaringer fra andre land tyder på en viss fortrenningseffekt for noen arter, mens andre arter ikke viser endret atferd og vender tilbake til området etter anleggsperioden.NVE legger til grunn at .. om Havsul I realiseres er det nødvendig med .. miljøovervåkingsprogram for å følge utviklingen over tid, både når det gjelder trekkmonster og bruk av planområdet.*
- **NVE konstaterer at ingen verneområder, planlagte eller eksisterende, blir direkte berørt**
- **Reiselivssatsingen i Norge og Møre og Romsdal er i hovedsak basert på natur- og kulturturisme i forskjellige sammenhenger**, og påvirkning på reiselivet vil være knyttet til hvordan de turistene som reiser til Norge for å oppleve "urørt" kystnatur vil forholde seg til vindturbiner utenfor Harøya. NVE kjenner ikke til undersøkelser eller har erfaringer som tilsier at reiselivet blir vesentlig negativt berørt av at det etableres vindkraftverk.

11.2.4 Konklusjon

Etter en helhetlig og samlet vurdering vil NVE gi Havsul I AS konsesjon etter energiloven for å bygge og drive Havsul I vindkraftverk med tilhørende infrastruktur

NOF konklusjon: Med utgangspunkt i merknadene gitt til gjennomgang av tema og vurderingar frå saksdokumenta før konsesjon vart gitt i 2008, ser NOF klart behov for kritisk og grundig saksgjennomgang av heile denne saka fram til konsesjonsvedtak. Dette gjeld i høve til Stortingets vedtak 19. juni 2020 og NVE sitt vedtak av 27.03 2020 om forlenga frist for idriftsetjing av Havsul I.

«12.1 Avbøtende tiltak og andre vilkår»

NOF merknad: Førebyggjande og avbøtande tiltak, saman med føre- og etterundersøkingar må vere tema som høyrer heime etter at ein konsesjonssøknad er vedteken og då som sjølvstøtt vilkår for å kunne nytte seg av konsesjonen. Det er viktig at slike tema ikkje blir del av avveginga for eller imot å gje konsesjon. Slike tiltak og vilkår må presiserast som element for å ta vare på restverdiar og restfunksjonar gitt dei inngrep som utbygging vil medføre, og frikopla frå vurdering av både eigenverdiar og ressursverdiar i naturgjevne og i dette tilfellet høgproduktive økosystem med vidtrekkande samanhengar geografisk.

Havsul I vindkraftverk – forlenga konsesjonsfrist 2012

I brev av 03.02 2011 søkte Havsul I AS om forlenga frist for idriftsetjing til 01.01 2020 og i brev datert 12.03 2012 gav NVE utvida frist til denne dato, men då med referanse i ein søknad frå Vestavind Offshore av 03.02 2012. Så langt det er råd å spore, vart ikkje denne søknaden sendt på høyring til registrerte høyringspartar frå konsesjonshandsaminga 2008, og melding om vedtak blei berre sendt til seks adressatar med opplysning om ordinær klagefrist på tre veker etter mottak av melding. Frist for idriftsetjing vart forlenga til 01.01 2020 og konsesjonstida utvida tilsvarande til 01.01 2045.

NOF merknad: Sakshandsaming for forlenga frist med vedtak datert 12.03 2012 kan ikkje vere i samsvar med krav til saksførebuing og sakshandsaming etter forvaltingslova og energilova, eller etter plan-og bygningslova og naturmangfaldlova. Ved sakshandsaming 2004-2009 var saka sendt på høyring til eit breidd utval av høyringspartar, og mange av desse kom med høyringsinnspel og er tidlegare registrerte som høyringspartar. Det er uklart kven som fekk saka tilsendt og vart orienterte om søknad om utsetjing i 2011-2012, men berre seks partar vart orienterte om vedtaket og fekk oppgitt ordinær klagefrist, dei to berørte kommunane, fylkesmannen og fylkeskommunen, og to kraftnettselskap. Viktige og tidlegare registrerte høyringspartar vart såleis i praksis avskorne frå å kome med innspel til søknaden og til å klage på avgjerda. Dette må oppfattast som sakshandsamingsfeil av avgjerande betydning og såleis gje grunnlag etter forvaltingslova til å kjenne vedtaket ugyldig.

Havsul 1 vindkraftverk – forlenga konsesjonsfrist 2019

Havsul I AS søkte 25.06 2019 om utsett frist for idriftsetjing av det konsesjonsgjevne prosjektet frå 01.01 2020 til 01.01 2025. NVE sende søknaden på høyring 06.08 2019 til 16 adressatar, fordelt på dei to direkte berørte kommunane, saman med fylkeskommunen, vidare til tre større, aktuelle mottakarar av straumleveranse og to nettselskap med ansvar for linjenett og tilkopling, to fagstyresmakter for berørt trafikk sjøverts og landverts, tre

fagstyresmakter for nasjonal og regional miljø- og naturressursforvaltning og tre representantar for berørte næringsinteresser. Høyringa vart og sendt i kopi til dei fire kommunane som frå og med 01.01 2020 skulle gå inn i den nye stor-kommunen Ålesund saman med Sandøy kommune og såleis bli vertskommune for det planlagde vindkraftverket, og til nabokommune for ilandføring av linjenett frå prosjektet. Til samanlikning vart konsesjonssøknaden for Havsulprosjekta (I, II og IV) i brev datert 23.02 2006 sendt til 121 adressatar og i tillegg 5 adressatar innan fagdepartement og nasjonale, berørte styresmakter. Adressatane omfatta alle tre Havsul-prosjekta, og av desse vil rundt 100 vere relevante for Havsul I. For vurdering av søknad for Havsul I hadde NVE registrert 48 innkomne merknader pr. 2008.

NOF-merknad: Med referanse til den omfattande adressatlista for Havsul-prosjekta 2006 og dei registrerte høyringspartane med merknader til prosjektet 2008, er det påfallande og kritikkverdig at høyringa for forlenging av frist for idriftsetjing 2019 berre er adressert til rundt sjetdeparten av dei som vart høyrde 2006-2008, at nesten ingen av høyringspartane som gjekk mot utbygginga i 2008 er høyrde, og at adressatane for høyring 2019 i all hovudsak er konsentrert til interessantar for fysisk utbygging og leveranse av kraftproduksjon, medan fagstyresmakter for miljø og naturressursar og næringsinteresser som vil kunne bli skadelidande ved utbygging, er redusert til eit fåtal. Ut over fagstyresmaktene regionalt og nasjonalt er ingen representantar for allmenne interesser, lokalbefolkning og andre brukarinteresser tydelegvis rekna som forventta, meiningsberande høyringspartar. Dette kan ikkje vere i samsvar med forvaltingslova sine krav til sakshandsaming, til plan- og bygningslova sine krav til konsekvensutgreiing og til miljøomsyn, og kan ikkje oppvegast gjennom offentleg kunngjering i aviser og meldingsblad. Eitt av vilkåra for den gjevne konsesjonen er at anlegget skulle vere sett i drift innan 01.01 2020 (om ein legg til grunn fristforlenging 2012 sjølv om det er grunn til å dra i tvil kor vidt forvaltingslova sine krav var oppfylte). Så lenge vedtak om endringar ikkje er fatta, kan ikkje konsesjonen vere gjeldande når eitt av vilkåra ikkje er oppfylt, sjølv om søknad er under handsaming.

NVE har ikkje systematisert høyringsinnspela, men etter summariske merknader og høyringsinnspel, er det lite tvil om at høyringsinnspela kort kan summerast som følgjer:

- Positive innspel 2 (Sandøy kommune, fylkesordførar)
- Nøytrale 4 (Kystverket, Stat. vegvesen, Istad Nett, Aukra – «tatt til etterretning)
- Negative 17 (mot fristforlenging, +/- full ny konsesjonsbehandling)

NOF merknad: Innspela er i all hovudsak negative. Høyringspartane går dels mot forlenging, dels ber om aktivt å trekke tilbake konsesjon, dels å ta opp saka til ny, full konsesjonsrunde med tilvising til forelda kunnskapsgrunnlag og ny kunnskap om effektar av vindkraftanlegg. Berre Sandøy kommune med støtte frå fylkesordførar ser ut til å vere positiv utan atterhald. Viktig er at av fagstyresmakter som NVE i ordinær konsesjonshandsaming hadde sett på som positive (men med klare atterhald), går Miljødirektoratet og Fylkesmannen i Møre og Romsdal imot fristforlenging og rår til ny, full konsesjonshandsaming. Riksantikvaren, som i konsesjonshandsaming understreka store konflikhtar, men som av NVE vart registrert som positiv til Havsul I, har ikkje hatt innspel i til fristforlenging og var heller ikkje adressat for høyringa.

Som ved høyringa 2006-2008 konkluderer det dominerande fleirtalet av høyringsinnspela med at søknaden om vidareføring av Havsul I må avvisast. Eit høyringsresultat kan ikkje på statistisk grunnlag avgjere eit vedtak, men grunngevingane må takast på alvor og setjast opp mot det som er samfunnets vedtekne målsetjingar.

NVE sine vurderingar av fristforlenging 2020:

«Rettsvirkning av en endelig konsesjon

NVE tolker flere av høringsinstansene dithen at konsesjonen meddelt Havsul I må undergis ny konsesjonsbehandling med oppdaterte konsekvensutredninger eller omgjøres. I denne sammenheng vil vi understreke at konsesjonen til Havsul I vindkraftverk er endelig, og har følgende kommentar til omgjøring av endelige forvaltningsvedtak:

- *NVE viser til at konsesjoner til vindkraftverk er enkeltvedtak som gir konsesjonæren en offentligrettslig rettighet til å etablere vindkraftproduksjon i det konsesjonsgitte planområdet. Etter at klagefrister for enkeltvedtak har løpt ut, er det snevre rammer for omgjøring av gyldige enkeltvedtak.*
- *For det første kan gyldige forvaltningsvedtak omgjøres dersom endringen ikke er til skade for noen som vedtaket retter seg mot eller direkte tilgodeser. For det andre kan gyldige forvaltningsvedtak omgjøres til skade for en part dersom det skjer for å ivareta tungtveiende allmenne hensyn, som etter en samlet vurdering veier vesentlig tyngre enn de hensyn som taler imot. Hensynet til den som har fått en rettighet gjennom konsesjonen og innretter seg etter vedtakets innhold, veier normalt tyngre jo lenger tid det har gått siden vedtaket ble truffet.*
- *Enkeltvedtak som er ugyldige kan omgjøres i noe større grad enn gyldige enkeltvedtak. Brudd på forvaltningslovens saksbehandlingsregler kan føre til ugyldighet, men et vedtak er likevel gyldig når det er grunn til å regne med at feilen ikke er bestemmende for vedtakets innhold. Hvis det viser seg at avgjørelsen er truffet på et feil eller ufullstendig grunnlag, vil dette kunne føre til at vedtaket blir ugyldig. På samme måte som for saksbehandlingsfeil, vil ugyldighet på dette grunnlag bare inntre hvis det ikke er relativt klart at svikten i beslutningsgrunnlaget ikke kan ha hatt betydning for vedtakets innhold, også det første.*
- *Det forhold at en eller flere interesser har endret mening om vindkraftverket siden konsesjonsvedtaket ble fattet, kan ikke alene begrunne omgjøring av gyldig gitte vindkraftkonsesjoner.»*

Det er her vere viktig å referere frå konsesjonsvilkåra frå vedtak i 2008:

«I tillegg til de til enhver tid gjeldende vilkår fastsatt i eller i medhold av energiloven , fastsettes med hjemmel i energiloven § 3-4 følgende spesielle vilkår:

1. Konsesjonens varighet

Tillatelsen gjelder fra i dag og inntil 25 år fra det tidspunkt anlegget settes i drift, dog ikke utover 1.6.2038.

2. Idriftsettelse av anlegget

Anlegget må være fullført og satt i drift innen 1.6.2013. Konesjonæren plikter å sende melding til systemansvarlig straks anlegget er satt i drift eller ved endringer i eksisterende anlegg i regional - og sentralnettet. Meldingen skal inneholde opplysninger i henhold til gjeldende krav fra systemansvarlig. Konesjonær plikter innen 6 måneder etter at anlegget er satt i drift å oversende NVE dokumentasjon for at anlegget er bygget i henhold til konsesjonen med fastsatte vilkår».

NOF merknad: Innleiingsvis opererer NVE med omgrepet «endeleg» for konsesjon, openbert meint som *evigvarande*, men der det er sjølvinnlysande at som alle andre vedtak gjort av menneske og styresmakter, må det vere situasjonsbetinga. Dette går då også klart nok fram i dei etterfølgjande kulepunkta. I andre kulepunkt er det synt til at omsynet til den som slik har fått ein rett, normalt vil vege tyngre til lenger tid som går, logisk nok dersom rettshavaren har gjort seg nytte av denne retten, men like logisk må det vere at dersom ikkje rettshavaren har gjort seg nytte av retten, men har fått endra på viktige vilkår og føresetnader for retten, må omsynet til rettshavar få mindre vekt over tid. Viktigaste må likevel vere tredje kulepunkt dersom vedtak om tildeling av rett ikkje er fatta i samsvar med lover og regelverk, gjort på feil eller mangelfullt grunnlag og særleg om det klart har hatt betydning for innhald i vedtaket (tung formulering med dobbeltnektande argumentasjon!). Fjerde kulepunkt signaliserer diverre ei forventning eller skulding om at meiningsberarar i høyringsinnspel ikkje har saklege, formelle eller faktabaserte, grunnlag for sine konklusjonar. Høyring i offentlege saksprosessar er viktige for ein demokratisk funksjon, og det burde vere sjølvinnlysande at det er summen av grunngevingar og faktakunnskap som må ligge til grunn for kor vidt eit vedtak er gyldig, og like eins om det har kome til nye moment som endrar føresetnadene for tidlegare vedtak. Jamfør såleis stortingsvedtak nr. 798 og 799, 19.juni 2020.

«NVEs behandling av søknad om utsatt idriftsettelse av Havsul I (2020)»

- *NVE viser til tidligere gjennomgang av historikk i saken, og konstaterer at dersom tiltaket skal kunne etableres trenger Havsul I AS ytterligere utsettelse av fristen for idriftsettelse, for bla. å detaljplanlegge prosjektet, herunder vurdere behov for eventuelle konsesjonsendringer, oppdatere kunnskapsgrunnlaget om virkninger for miljø og samfunnsinteresser, eventuelt supplere miljøoppfølgingsprogrammet og utarbeide plan for implementering av avbøtende tiltak, før arbeidet med tiltaket kan igangsettes.*
- *Som nevnt over har konsesjonær endelig konsesjon og kan realisere Havsul I gitt at søknaden om fristforlengelse imøtekommes, og konsesjonens vilkår oppfylles. NVE har notert seg innspill som knyttes til alder på konsekvensutredning i saken og både krav om nye utredninger og påstander om at ny kunnskap er kommet om virkninger av offshore vindkraftverk. Ved eventuelt vedtak om fristforlengelse vil NVE vurdere om det bør fastsettes krav til oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om virkninger for miljø og samfunn. Utredning av virkninger av eventuelle konsesjonsendringer som omsøkes skal gjennomføres i henhold til utredningsprogrammet som ble meddelt Havsul I. Dersom dette ikke er dekkende kan NVE fastsette nye utredningskrav i vår behandling av transport-, anleggs- og detaljplanen for tiltaket.*

- *Oppdateringen av kunnskapsgrunnlaget dreier seg blant annet om kartlegging av fugletrekk, forekomst av sjøfugl i planområdet og undersøke om næringsøkende fugl fra Runde kan bli påvirket av Havsul I. I tillegg må kunnskapsgrunnlaget for marine arter oppdateres, sammen med andre relevante temaer.»*

NOF merknad: Det sentrale ved denne konsesjonen er på kva grunnlag og med kva vekting i høve til andre vedtekne samfunnsprioriteringar denne konsesjonen er gitt. Det gjeld verdi og heilskap som marinøkologisk høgproduktivt område i global målestokk og i målbare storleikar av alle marine livsformer, ikkje minst fisk som sild, torsk, sei og hyse. Også sjøfuglbestandane må verdivurderast som målbare einingar for den betydning norske kystområde har for haustbare bioressursar, ikkje berre langs norskekysten, men også tilgrensande havområde: Barentshavet, Nordishavet og Nord-Atlanteren. Når ikkje dette vart vektlagt på kunnskap frå konsekvensutgreiinga eller innspel frå høyringsrundene, må det vere høgst uforvarleg framleis å legge til grunn konklusjon og konsesjonsvedtak frå 2008-2009. Fråsegnene frå Havforskningsinstituttet i høyringa i 2008 sa i klare ord at dersom utbyggingane berørte gytefelt og reproduksjonsprosessar for norsk vårgytande sild (NVG-sild), kunne ringverknadene bli «formidable». Dette er uvanleg sterke ord i forsknings- og forvaltningssamanheng, og det er uforståeleg at dette gjekk forbi utan synleg realitetsvurdering. Havforskningsinstituttet er knapt er nemnt og er plassert blant «interesseorganisasjonar» i oppsummeringa frå NVE i 2008. Sjøl om det dominerande fleirtal av høyringsinnspel frå andre fagstyresmakter og fiskarorganisasjonar/fiskerinæring gjekk mot å gje konsesjon til Havsul I, og i høyringa 2019 endå klarare går imot, er framleis NVE sitt einaste tilbod til denne grunnleggande viktige fag- og næringssektoren å finne i overvaking før, under og etter utbygging, under nemningar som førebyggjande og avbøtande tiltak utan å stille det viktigaste spørsmålet: Er det forvarleg å plassere eitt av dei største industrianlegg innan norsk territorium midt i senteret for det som gjer norske kystfarvatn til eitt av dei aller mest produktive sjøområda i verda? Når dette spørsmålet tydelegvis ikkje kan ha vore realitetshandsama under høyring og konsesjonsvedtak i 2008, må det på bordet no før det kan vere aktuelt å framstille kunnskapsinnsamling i ettertid, førebygging og avbøting, som likeverdige med naturgjevne tilhøve som gjennom «all tid» har sikra rikdomen av fisk og anna liv i norske kystfarvatn frå Stadt til Lofoten. Når det gjeld sjøfugl, dokumenterer NVE, heva over all tvil, mangel på å sjå og skjøne samhengane mellom rikdom av liv i havet. Det dei tilbyr som vilkår for utbygging og under den føresetnad at Havsul I skal byggast, er i eit kort tidsperspektiv å kartlegge om og eventuelt korleis sjøfuglane er avhengige av utbyggingsområdet. Fuglefjellet på Runde har i lang tid vore kartlagt for fuglane sitt næringsøk i hekketid og elles i året. Meir enn 80.000 sjøfuglar er ringmerkte her i perioden 1956-2020. Ikkje noko anna fuglefjell i Norge har tilnærma same kvantum. Ny tids elektroniske overvaking er teken i bruk også her, men fortel ikkje anna enn det som før er konstatert ved ringmerking. Runde er det einaste komplette fuglefjell i Sør-Norge. Når suler, krykkje og alkefugl samlast i tette konsentrasjonar i og rundt det aktuelle utbyggingsområde, er Runde einaste rekrutteringslokaliteten. Næraste hekkelokalitet for dei aktuelle artane er på Sklinna, 340 km mot nordaust. Sjøfuglane har vore overvaka her sidan midt på 1950-talet og også KU for Havsul I konkluderer med at konfliktane med næringsøkande hekkfugl frå Runde er store. NVE har i sine konklusjonar til og med sagt at fuglefjellet på Runde vil kunne bli skadelidande, men utan i vurdere dette i høve til vedtekne, miljøpolitiske målsetjingar for vern av norske naturverdiar. Det same gjeld marinøkologiske

funksjonar, verdiar og grunnlag for fiskebestandar og fiskeri og korleis dette vil bli påverka av eit industrianlegg. Heller ikkje det er realitetsvurdert.

«Marine økosystemer og fugl

- *Når det gjelder mulige konflikter med marine økosystemer og trekkende fugl viser tiltakshaver til studier fra eksisterende offshore vindkraftverk i Europa, og at det i perioden 2010-2013 ble gjennomført omfattende kartlegging av sjøfugl, trekkfugl og marine arter i planområdet i henhold til det godkjente miljøovervåkingsprogrammet. NVE kan slutte seg til tiltakshavers vurdering av at forskningsprosjekter og konsekvensutredning av mange havvind-prosjektene som er etablert i Europa (ca. 20 GW) til nå ikke har dokumentert vesentlige virkninger for marine økosystemer og trekkende fugl.*
- *Til tross for dette utredningsarbeidet mener NVE at miljøovervåkingsprogrammet bør suppleres med krav om bruk av radar for fugletrekk som går gjennom eller nær planområdet. Dette imøtekommer flere av høringsinstansene som er bekymret for virkningene for trekkende sjøfugl og fastlandsfugl. Videre bør det kartlegges forekomster av sjøfugl i plan- og et kontrollområde gjennom året, og merke utvalgte sjøfugl på Runde for å vurdere om planområdet for Havsul I kan påvirke hekkebestander på Runde.*
- *Miljøovervåkingsprogrammet for marin flora og fauna bør etter NVEs vurdering også suppleres med en faglig vurdering av hvordan støy i anleggs- og driftsfasen kan påvirke vandrings- og gyteforholdene for arter, herunder NGV-sild. NVE legger til grunn at det også redegjøres for mulige virkninger av lavfrekvent lyd og infralyd i denne sammenheng. Supplering av miljøovervåkingsprogrammet vil styrke materialet fra tidligere forundersøkelser og slik øke verdien av etterundersøkelser i vurderingen av eventuelle effekter av tiltaket for fugl og NVG-sild.»*

NOF merknader: Dei refererte studiane, i hovudsak frå to danske vindkraftverk, Horn Rev og Nysted, saman med enkelte i Nordsjøbassenget, gjeld område som ikkje er samanliknbare med norske tilhøve, korkje i høve til landkapsformer under og over havflata, dynamikk i straumsystem og fysikalske faktorar, når det gjeld store, vandrane fiskebestandar, eller når det gjeld hekkande sjøfugl og spesielt fuglefjell. Dei kan truleg ha ein viss referanseverdi i høve til årstidstrekk hos fugl. Nye studiar og rapportar frå tida etter 2008 og 2013 stadfester klare, negative verknader av botnfaste eller flytande vindkraftverk på artar som smålom og lomvi i sørlege Nordsjøen, med verknadsavstander på minst 10 km frå anlegga, og det må vere grunn til å rekne med at tilsvarande effektar ikkje berre er knytt til desse artane, men i første rekke til nærstående artar eller artar med liknande økologi. Det er ikkje referert til studiar i sørlege del av Nordsjøen som viser at hekkande ternar får negative utslag av vindkraftverk i sitt næringssøksområde. Frå Irskesjøen vart det i 2019 sett mediafokus på alarmerande og rask nedgang i bestandar av rekkje kolonidannande sjøfugl, med nedgang i storleiksorden 50-80 % på få år etter at det vart bygt såkalla «off-shore» vindkraftverk, særleg på britisk side, med plassering og tekniske løysingar nokså tilsvarande som for Havsul I. På britisk side vert det meldt at oppfølgande effektstudier for vindkraftverk stort sett er eit ansvar for vindkraftoperatørane og at løypande kunnskap frå slike studiar er vanskeleg tilgjengelege. Nyare studiar med resultat presenterte heilt nyleg, konkretiserer og

kvantifiserer sjøfuglane si rolle som biotransportørar av stoff og energi i dei marine økosystema, der konklusjonen er at sjøfuglane si rolle kan vere betydeleg viktigare også i ein haustbar samanheng, enn det ein har vore merksam på til no. NVE vel i all hovudsak å sjå bort frå ei revurdering av gitt konsesjon, sjølv om heilskapsvurderingar og oppdatert kunnskap burde tilseie det, og konsentrerer seg berre om det dei kallar «miljøovervakingsprogram» og høve til å dokumentere korleis vindkraftverk påverkar naturen negativt, også med utslag som slår tilbake på berekraft i høve til haustbare ressursar. NOF vil i denne samanheng også syne til sine tidlegare innspel til høyring og seinare klage på vedtak om forlenga frist for idriftsetjing av Havsul I.

«Visuelle virkningar og reiseliv

- *Flere høringsinstanser fremhever at visuelle virkninger kan medføre vesentlige virkninger for det kystnære landskapet, boligbebyggelse og reiseliv. Vi mener at dette er virkninger som ble avklart gjennom konsesjonsbehandlingen, men dersom detaljplanleggingen medfører vesentlige endringer av Side 7 prosjektet mht. antall og fysisk størrelse på turbinene kan det være aktuelt med nye visualiseringer og vurderinger av endrete virkninger for relevante temaer som skyggekast og støvirkninger. I transport-, anleggs- og detaljplanene, som skal utarbeides når detaljplanarbeidet er ferdigstilt, vil slike temaer blir utredet og beskrevet i disse plandokumentene som skal godkjennes av NVE før arbeidet med utbygging av prosjektet eventuelt kan igangsettes.»*

NOF merknad: Allereie då Atlanterhavsvegen vart opna sommaren 1989 vart det proklamert at urørt kystnatur skulle marknadsførast som eitt av dei viktigaste (viktigast?) reiselivs- og opplevingsprodukt i Møre og Romsdal. Innspel til konsesjonsrunden for Havsul I i 2006-2008 og no i 2019 er såleis heilt i samsvar med det som skulle ha hatt fokus for forvaltning av landskap, visuelt og som aktivitetsområde. Det er derfor utruleg at sjølv om dette frå NVE si oppsummering i 2008 er konkludert som det største konfliktproblemet i høve til Havsul I og som burde vere endå meir vektlagt 2019, særleg etter erfaring frå koronarestriksjonane 2020, framleis ikkje ser ut til å vere vekta som vesentlege samfunnsverdi i høve til vindkraftverk, heller ikkje når øvrige miljø- og næringsverdiar vert lagde i skåla.

«Andre hensyn

- *Det er i høringsinnspill påpekt risiko for forurensningsfare fra havvindkraftverk. NVE slutter seg til tiltakshavers vurdering av at faren for forurensning fra havvindkraftverk er liten sammenlignet med den risikoen som en omfattende skipstrafikk langs kysten utgjør. Forurensningsfare fra havvindkraftverk har ikke vært vurdert som en så viktig problemstilling at det har medført undersøkelser i tilknytning til den omfattende utbyggingen som har skjedd i Europa. Faren for forurensning vil likevel være et selvstendig emne det må redegjøres for i detaljplanleggingen og beskrives i anleggs-, transport og detaljplanene som konsesjonær må utarbeide og som skal godkjennes av NVE før igangsetting av arbeid med tiltaket.*
- *Når det gjelder blant annet FNF Møre og Romsdal sin påstand om at NVE har unnlatt å ta med miljøorganisasjonene på høringslisten, vil vi bemerke at de viktigste offentlige myndighetsorganer var på høringslisten og at søknaden fra Havsul I ble*

kunngjort i Norsk Lysningsblad, Sunnmørsposten og Romsdal Budstikke. NVE har mottatt 25 høringsinnspill til søknaden, hvorav 6 av merknadene er fra miljøorganisasjoner.

- Flere av høringsinstansene hevder at forutsetningene for ny kraftproduksjon i Møre og Romsdal er vesentlig endret blant annet etter at 420 kV kraftledning fra Sogn til Ørskog ble etablert. Vi konstaterer at regionen fortsatt er en underskudds region og forutsetningen for ny produksjon er fortsatt til stede, jfr. Kraftsystemutredningen for Møre og Romsdal (2018) om fremtidig kraftbehov i regionen.»

NOF merknad: I totalvurdering av negativ verknad av nye tiltak som treng løyve etter lovverket, er det sumeffekten som skal leggest til grunn, jamfør naturmangfaldlova § 10. Det er vedkomande fagstyresmakt sitt ansvar å sjå til at dette vert vurdert samla og i samanheng, og ikkje kan bygge på ei rangering av kva for andre negative faktorar som spelar inn og på kva måte. Når det gjeld andre kulepunkt er ikkje problemstillinga at miljøorganisasjonar og ein del andre samfunnsaktørar ikkje har hatt høve til å kome med innspel, men det faktum at NVE som fagstyresmakt tydelegvis ikkje har rekna desse samfunnsaktørane som direkte berørte og på ein måte som må fangast opp av kravet om god saksførebuing i forvaltingslova. Om det er meint slik eller ikkje er mindre interessant, men for delar av samfunnsinteressene blir dette lett oppfatta som førehands vektlegging av utvalde verdisektorar og signal om førehandsprioritering av vindkraftutbygging.

«NVEs konklusjon og vedtak

- NVE konstaterer at Havsul I har regionalpolitisk tilslutning, men møtt motstand fra enkeltpersoner, miljøforvaltning og miljøorganisasjoner. I vår vurdering av søknaden har vi vektlagt at vedtak om utsatt tidspunkt for idriftsettelse må følges opp med oppdatering av kunnskapsgrunnlaget utover undersøkelser som er gjennomført som del av oppfølgingen av det vedtatte miljøovervåkningsprogrammet. Det er særlig behov for å utvide dette for trekkende fugl og undervanns støyvirkninger for fisk. Videre vil vi presisere at dialog og effektiv kommunikasjon med fiskerinæringen sikres i detaljplanleggingen av tiltaket frem mot vår behandling av anleggs-, transport- og detaljplanen for tiltaket. Dette er aktuelt også for andre berørte interesser og forutsetter at det utarbeides en plan for kommunikasjon med fiskerinæringen og andre relevante interesser som blir berørt av tiltaket.
- Etter en samlet vurdering finner NVE at søknaden om utsatt idriftsettelse av Havsul I imøtekommes. Vi registrerer at det nå er investorinteresse for å realisere det første havvindprosjektet i Norge, og at det trengs tid til å detaljplanlegge prosjektet og forberede utforming av anleggs-, transport- og detaljplan for tiltaket. Planene vil bli sendt på bred høring før de eventuelt godkjennes av NVE. Vi forutsetter at tiltakshaver legger til grunn gjeldende veileder for utforming av MTA/detaljplan ved utarbeidelse av anleggsplan-, transport- og detaljplan, jfr. vilkår 3,4 og 11 i gjeldende konsesjon.»

NOF merknad: I første kulepunkt stadfester NVE at dei avviser å realitetsvurdere og eventuelt revurdere spørsmålet om forlenging av tidsfrist for idriftsetjing som eitt av vilkåra for konsesjonen, utan å vurdere det på oppdatert kunnskap om berørte verdiar og politiske

målsetjingar innafor andre samfunnssektorar, og på oppdatert kunnskap om tilleggseffekter ved å plassere vindkraftverk slik at andre element enn dei reint terrestre vert berørte. **Dei held såleis fast ved å oppfatte tidsavgrensa overvaking og kunnskapsinnsamling som miljøtiltak, uansett kva denne kunnskapen vil kunne vise i høve til effektar frå vindkraftutbygging i det aktuelle området.** Dialog med fiskerinæringa vil ikkje kunne bøte på eventuelle negative effektar på sjølve produksjonsgrunnlaget for haustbare bioressursar som har Mørkysten og det aktuelle planområdet som føresetnad for å kunne vedlikehalde produksjonssystema. I andre kulepunktet ser det ut til at det som vert framstilt som eit pionérprosjekt for havvindkraftverk, automatisk skal ha prioritet over alle andre miljø- og ressurspolitiske målsetjingar. Når planane for Havsul I i all hovudsak ligg innafor grunnlinja og heile tida har vore sakshandsama etter regelverket for terrestre vindkraftverk og er basert på botnfaste konstruksjonar i det som i daglegtale vert karakterisert som skjergard og fallgard, har NVE sjølv stadfesta at dette ikkje er eit havvindkraftverk, men berre ein kompliserande variant av terrestre vindkraftverk. Det kan ikkje vere slik at omsynet til investorinteresser skal vere viktigare argument enn omsynet til berekraftig forvaltning av bioressursar og vedtekne, miljøpolitiske målsetjingar og forvaltning av andre samfunnsverdiar.

«I medhold av energiloven §3-1 gir Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), under henvisning til søknad datert 25.06.2019, Havsul I AS utsatt frist for idriftsettelse av Havsul I vindkraftverk til 31.12.2025.

Tillatelsen til utsatt tidspunkt for idriftsettelse frem til 31.12.2025 forutsetter at følgende vilkår blir oppfylt:

Miljøovervåkingsprogrammet for sjøfugl og trekkende fugl

1. *Konsesjonær skal anvende radar til kartlegging av sesongtrekket av fugl før utarbeidelse av anleggs-, transport- og detaljplan (MTA). Hensikten er å få kunnskap om trekket langs denne delen av kysten (trekkintensitet, trekkhøyde, avstand fra kysten mm.). Ved oppstart av turbinmontasje skal radaren anvendes for å kartlegge sjøfuglenes arealbruk under utbygging og kartleggingen skal videreføres etter utbygging i minst 2 år. Rapporteringen av resultatene fra radarundersøkelsen av trekket langs kysten skal omfatte en kortfattet vurdering av hvordan sesongtrekk berører Haramsøy. Det skal etableres dialog med konsesjonæren for Haram vindkraftverk for å avklare hvordan en slik vurdering kan gjennomføres på en rasjonell og hensiktsmessig måte. Dersom partene ikke blir enige om en løsning skal saken oversendes NVE til avgjørelse.*
2. *Konsesjonær skal gjennomføre kartlegging av forekomsten av sjøfugl i plan- og kontrollområdet gjennom året ved hjelp av høyoppløselige flybilder med automatiserte analyser av disse. Kunnskap fra denne kartleggingen skal benyttes ved utarbeidelsen av MTA.*
3. *Konsesjonær skal merke utvalgte arter av sjøfugl på Runde med lyslogger for å vurdere om planområdet for Havsul I kan påvirke hekkebestander på Runde.*

Overvåkningsprogrammet for marin fauna

4. *Konsesjonær skal gjennomføre en undersøkelse av hvordan støyvirkninger i anleggs- og driftsfasen påvirker vandrings- og gyteforholdene for viktige marine arter, herunder NGV-sild. Det skal kortfattet redegjøres for mulige virkninger av lavfrekvent lyd og infralyd.»*

NOF merknad: Som peika på tidlegare, må kravet vere at den kunnskapen som NVE gjennom desse vilkåra vil ha på bordet, skulle vere grunnlaget for heilskapsvurdering av kor vidt det er forsvarleg å opne for vindkraftutbygging i dette området. Om NVE ikkje har hatt tillit til innspel og vurderingar frå ulike faginstitusjonar og fagstyresmakter, er oppdatering av kunnskap relevant nok, slik det følgjer av vilkåra i dette miljøprogrammet, men då i første omgang for ei forsvarleg vurdering av kor vidt tidlegare konsesjonsvedtak må revurderast. NOF har frå 1970 vore aktivt med i kunnskapsinnsamling og overvaking av fuglefjellet på Runde, og medlemmer hadde frå før foreininga var stifta 1957, etablert feltarbeid i fjellet, først og fremst ved systematisk og etter kvart omfattande ringmerking av fugl. NOF meiner derfor å ha førstehands kunnskap og praktisk kjennskap til problemstillingane rundt overvåkings- og kartleggingsmetodikk for sjøfugl. Foreininga har på eige initiativ vore med på å utvikle og forbetre metodikk for å skaffe dokumenterbar kunnskap. Ut frå dynamikken i grunnlaget for marinøkologiske samanhengar vil det gjennom eit toårig studium vere uråd å dra vitskapleg sikre konklusjonar. Planområdet for Havsul I er kartfesta, men kor stort kontrollområdet er, går ikkje fram av NVE sine vilkår. I siste punktet om sjøfugl på Runde er kravet å merke utvalde sjøfuglartar med lysloggarar. Dette har før vore gjort over fleire år for lunde (på Runde frå 2014) og krykkje (i Ålesund frå 2015), men lysloggarar betingar fangst av fugl for merking og gjenfangst av merkte individ. Men slike loggarar gir ikkje nøyaktig posisjon. Dei har ein usikker margin på +/- 180 km og kan ikkje gje detaljerte opplysningar om vandring innafor avstandar som er aktuelle her (50-60 km). I 2020 vart det gjort forsøk med GPS-loggarar på lunde og toppskarv, ein metode som kan følgje einskildindivid over ei avgrensa tidsperiode i sesongen og slik gje detaljerte opplysningar om næringsvandringar. Det er likevel vanskeleg å sjå at dette skal kunne utførast kvantitativt i eit omfang som i løpet av eit par sesongar skal kunne gje tilfredsstillande kartlegging av reelt næringsøk ut frå fuglefjellet. NVE sine vilkår kan ikkje vere basert på fagleg kvalifisert tilråding av praktisk metodikk. Vilråda står derfor lett fram meir som kosmetiske enn som reelle og realistiske målsetjingar.

Utanom dette finn NOF det naturleg og nødvendig å minne om det internasjonale ansvaret Norge har teke på seg gjennom å slutte seg til ei rekkje internasjonale konvensjonar og avtalar. I denne samanheng må fokus setjast to konkrete vedtak i Bernkonvensjonen sine partsmøte:

Emerald Network 2019

Eit nytt og viktig moment i høve til konflikt med verneområde er at partsmøtet i Bernkonvensjonen i desember 2019 vedtok å innlemme ei rekkje norske verneområde i det såkalla Smaragdnettverket (Emerald Network), ei oppfølging av Natura 2000 for dei landa i Europa som tidlegare ikkje har vore med. For Havsul I er det eit nytt og tungt element at ei rekkje av verneområda langs ytterkysten frå Harøya til Runde vart innlemma i nettverket, etter at Norge hadde spela inn framlegg om kandidat område. Dette forpliktar Norge som partsland og det pålegg oss å sjå til at det i vedtekne område

ikkje blir utført inngrep eller aktivitetar som kan vere ein trussel mot naturverdiar og -funksjonar. Dette forsterkar kravet om at ei eventuell utbygging av vindkraftverk inntil eit Emerald Network-område må vurderast etter naturmangfaldlova § 49. NOF tok opp problemstillinga i brev til energi- og miljøstyresmaktene datert 10.01. 2020 i samband med saka om Haram vindkraftverk og hadde forventna at problemstillinga vart realitetshandsama som del av den aktuelle klagesaka. For klagevedtaket vart dette tydelegvis ikkje gjort, og for NOF står dette som ein ny sakshandsamingsfeil. Foreininga har gjort sekretæriatet i Bernkonvensjonen merksam på problemstillinga og ventar på behandling der. Vi ser det som sjølv sagt at problemstillinga blir del av den saksgjennomgangen som skal følgje av stortingsvedtaket frå siste møtet før sommarferien i år om gjennomgang av gitte vindkraftkonsesjonar.

Recommendation No. 144 – Smøla Wind Farm – Bernkonvensjonen 2009

Ut over dette må NOF på nytt fokusere på *Recommendation No. 144 on Smøla Wind Farm*, frå partsmøtevedtak i Bernkonvensjonen desember 2009 på grunnlag av *On-the-spot-appraisal*-rapport om Smøla vindkraftverk, der partsmøtet i ti punkt minner den norske regjeringa om dei plikter Norge har tatt på seg internasjonalt for vern og forvaltning av norske naturverdiar. I ytterlegare ti punkt gjev rekommendasjonen klare råd om korleis Norge kan betre sin standard for planlegging og handsaming av vidare utvikling av vindkraft som energikjelde i Norge og for å rette opp det som må vurderast som påførte skadar og unngå nye skadar på internasjonalt viktige naturverdiar. Fleire av punkta gjeld først og fremst Smøla vindkraftverk, men generelt gjeld påminningane og tilrådingane planlegging, sakshandsaming, vilkår og gjennomføring av andre godkjende vindkraftverk og vidare utvikling av nye prosjekt i Norge. Med unnatak for etterundersøkingane på Smøla, er det vanskeleg å sjå at den norske regjeringa og energistyresmaktene har teke inn over seg det som frå partsmøtet i Bernkonvensjonen 2009 må oppfattast som ein kraftig korreks til Norge når det gjeld standard for utvikling av vindkraft som energikjelde i høve til naturverdi generelt og i høve til internasjonale avtalar. Handsaming av rammeplanen for vindkraft i Norge i 2019 og dei massive reaksjonane mot vindkraft som har bygt seg opp dei siste par åra, må oppfattast som eit direkte resultat av at styresmaktene ikkje har teke omsynet til naturmiljø, landskap og busetnaden i distrikta på alvor i høve til vindkraftutbygging. NOF står såleis fast ved den konklusjon som foreninga drog i innspel allereie i samband med dei første vindkraftsakene i Norge, bygt bl. a. frå generelle omsyn og erfaringar frå andre land, at det berre er ved å unngå samlokalisering mellom utbygging av vindkraftverk og verdifull natur vi kan utvikle vindenergi til ei berekraftig energiform og unngå gjennomgripande konflikhtar.

For Norsk Ornitologisk Forening

Kjetil Aa. Solbakken

Kjetil Aa. Solbakken, generalsekretær

KOPI: Klima- og miljødepartementet, Norges vassdrag- og energidirektorat, Miljødirektoratet, Fiskeridepartementet, Fiskeridirektoratet, Kystverket